



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde

Telefon 71 25 84 75, Telefaks 71 25 85 09

	Rapport nr: 10/95
	Følgjenge: Offentleg
Tittel: FORVALTNING AV FREDA ROVVILT I MØRE OG ROMSDAL 1991-94 Forvaltningstiltak, bestandregistrering, førebyggjande tiltak, skadedokumentasjon og erstatningar	Dato: 28.07.95
Forfattar: Asbjørn Børset	Sidetal: 45 sider + vedlegg
<p>Samandrag:</p> <p>Stortinget gav våren 1992 sin tilslutning til St.meld. nr. 27 (1991-92) om forvaltning av bjørn, ulv, jerv og gaupe. Som ein konsekvens av meldinga har fylkesmennene fått auka oppgåver innan rovviltforvaltninga. M.a. er erstatningsordninga no lagt til fylkesmannen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fått tildelt stilling som rovviltkonsulent. Det er fastsett administrative grenser for kjerneområdet for jerv i Sør-Norge der omlag 3 700 km² ligg i kommunane Sunndal, Nesset, Rauma, Norddal og Stranda. Ein har skipa eit samarbeidsorgan, arbeidsutvalet for Dovre/Rondane jervregion, som eit kontaktskapande og rådgjevande forum mellom forvaltning og beiteinteresser innan utbreiingsområdet for jervestamma i kjerneområdet. Vidare er det skipa eit kontaktorgan for rovviltforvaltninga i fylket.</p> <p>Det er årleg registrert mellom 2 og 11 meldingar om bjørn, 12 og 34 meldingar om gaupe, 74 og 119 meldingar om jerv og 1 og 22 meldingar om ulv. Ein kan sjå bort i frå at fylket har ein eigen bjørnestamme. Likevel er det i løpet av 3 av dei fire åra registrert godkjende eller sannsynlege meldingar om bjørn. Meldingane om gaupe har vist ein auke, men det er ikkje funne prov for at gaupa har reprodusert i fylket i perioden. Meldingsmaterialet gir grunn til relativt sikkert å fastslå at vi har minst 5 gauper spreidd i fylket. Fleire av dyra brukar og truleg areal i nabofylka i periodar. Sporingar av jerv i 1991 og 1992 viste at det innafør jervregionen mest sannsynleg var minst 20 forskjellige dyr. Materialet gir ikkje grunnlag for å trekke konklusjonar om bestandsendringar bortsett frå at det har skjedd ein auke i talet på dyr i Trollheimen i løpet av perioden. Våren 1992 var det eit sikkert besøk av ulv i Rindal medan det same sommar høgst sannsynleg var ein ulv i Tingvoll som vart ulovleg felt der om hausten.</p> <p>Det er årleg undersøkt rundt 100 kadaver som er mistenkt avliva av rovvilt. Halvparten av kadavermaterialet er avliva av jerv medan 25 % har vorte klassifisert som uopplart. Jerveskadane rår i hovudsak lam, dei første tapa melder seg i siste halvdel av juli og aukar på fram mot sanking.</p> <p>Det er nytta mellom 100 000 og 550 000 kr til førebyggjande tiltak mot rovviltskade. Det absolutt mest nytta tiltaket har vore tilsyn med sau på utmarksbeite frå starten av juli og ut beitesesongen. Tiltaket har hatt ei rekkje positive sider, men det har vore vanskeleg å dokumentere at tilsynet har ført til reduksjon i rovviltskadane.</p> <p>Søknadene om tap p.g.a. rovvilt nådde ein topp i 1992 med eit krav om erstatning for i alt 1364 dyr. Dette talet gikk ned til 661 dyr i 1993 og 531 dyr i 1994. Mykje av nedgangen skuldast at mange av søknadene om udokumentert kongeørnskade har falle frå. Krava for jerv, som er den arten som valdar mest skade her i fylket, har i dei same åra vore på 741, 477 og 488 dyr. Utbetalt erstatning har variert frå vel 1 mill kr til knappe 400 000 kr.</p>	
Emneord: Rovviltforvaltning, bestandsregistrering, skadedokumentasjon, rovviltskadeerstatning	ISBN 82-7430-081-5 ISSN 0801-9363

INNHALD

1. INNLEIING
2. FORVALTNING AV STORE ROVDYR
 - 2.1 Rovviltmeldinga
 - 2.2 Samarbeidsordningar
 - 2.3 Kjerneområde for jerv
 - 2.4 Betinga fellingsløyve for jerv
 - 2.5 Forvaltning av gaupe
3. VURDERING AV MELDINGAR OG BESTAND
 - 3.1 Innsamling og klassifikasjon av meldingar
 - 3.2 Bjørn
 - 3.2.1 Registrerte bjørnemeldingar
 - 3.2.2 Vurdering av bjørnebestand
 - 3.3 Gaupe
 - 3.3.1 Registrerte gaupemeldingar
 - 3.3.2 Vurdering av gaupebestand
 - 3.4 Jerv
 - 3.4.1 Registrerte jervemeldingar
 - 3.4.2 Vurdering av jervebestand
 - 3.5 Ulv
 - 3.5.1 Vurdering av ulvemeldingar og bestand
4. KADAVERUNDERSØKING
 - 4.1 Materiale og metode
 - 4.2 Jerven som predator på sau
5. FØREBYGGANDE TILTAK MOT ROVVILTSKADE
 - 5.1 Ressurstilgang og disponering av midlar
 - 5.2 Praktisk gjennomføring av tilsynsprosjekta
 - 5.3 Evaluering av gjennomførte tiltak
 - 5.4 Lukt og smak som avskrekking mot jerveskade
6. ERSTATNING FOR SKADE VALDA AV FREDA ROVVILT
 - 6.1 Regelverket
 - 6.2 Normaltap
 - 6.3 Erstatning for sannsynleggjort skade
 - 6.4 Erstatning for kongeørnskarar
 - 6.5 Utbetalt erstatning
 - 6.6 Klager
7. LITTERATURLISTE

VEDLEGG

- Vedlegg 1. Oversyn over meldingar
- Vedlegg 2. Oversyn over kadaverdokumentasjon
- Vedlegg 3. Oversyn over gitt erstatning
- Vedlegg 4. Liste over lokale rovviltkontaktar

1. INNLEIING

Det er ei hovudmålsetjing for norsk miljøforvaltning å oppretthalde naturen sin produktivitet og artsriksdom. Viltartane er gitt eit strengt vern både i nasjonal lovgiving gjennom viltlova og i ulike internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til. Eit godt formelt vern gjennom lov og regelverk løyser likevel ikkje alle problem, og er i seg sjølv ingen fullgod garanti for å sikre artsmangfaldet på lang sikt. Særleg gjeld dette dei store rovpattedyrartane som mange stader utløyser store konflikhtar og der tilpassing av sterkt kryssande interesser gjer at ein må finne tillempingar som mange meiner bryt med intensjonen om å verne desse artane.

Gjennom St. meld. nr. 27 (1991-92), den såkalla Rovviltmeldinga som Stortinget har slutta seg til, har styresmaktene sett som mål å sikre levedyktige bestandar av dei fire store rovviltartane. Samtidig skal skadar som vert valda av dei same artane avgrensast mest mogleg, men utan at dette skal sette artsvernet i fare.

Meldinga legg opp til ei differensiert forvaltning der dei store rovdyra skal ha særleg sterkt vern i artane sine kjerneområde. Dette er område der artane finst i meir eller mindre gode bestandar i dag og som ein vil styrke ytterlegare dersom det er behov for dette for å sikre målet om levedyktige bestandar på lang sikt. Vårt fylke har del av det sørnorske kjerneområdet for jerv som omfattar fjellområda Rondane, Dovrefjell og Reinheimen.

Fylkesmannen er i dag tillagt ei rekkje oppgåver i tilknytning til forvaltning av rovviltet. Dei viktigaste av desse i vårt fylke vil vere:

- Samle inn informasjon med sikte på å halde oversyn over utbreiing og bestand av store rovdyr.
- Prioritere og gjennomføre førebyggjande tiltak mot rovviltskadar på bufe.
- Utføre skadedokumentasjon på bufe mistenkt avliva av rovvilt.
- Behandle eventuelle søknader om skadefellingsløyve på gaupe og løpande vurdere behov og grunnlag for kvoteregulert jakt på arten.
- Sette i verk eventuelt betinga fellingsløyve på jerv.
- Behandle søknader om erstatning for rovviltskade på bufe.
- Informere om rovviltforvaltning og utvikle samarbeid og dialog med interesser som vert berørt av rovviltforvaltninga.

Fylkesmannen har hatt ein del av desse oppgåvene sidan 1987 og det er tidlegare publisert samanstilling av fylkesmannen sitt arbeid på denne sektoren fram til og med 1990 (Lucasen og Løfall 1990 og Løfall og Lucasen 1991). Denne rapporten tek for seg arbeidet i perioden 1991-94.

2. FORVALTNING AV STORE ROVDYR

2.1 Rovviltmeldinga

Stortingsmelding nr. 27 (1991-92) Om forvaltning av bjørn, jerv, ulv og gaupe, den såkalla Rovviltmeldinga, vart lagt fram av Miljøverndepartementet i januar 1992 og behandla i Stortinget i juni same året. Under behandlinga gav Stortinget sin tilslutnad til opplegget for ei samla forvaltning av dei store rovdyra slik det er omtala i meldinga. I meldinga vert det lagt opp til at bjørn, jerv og gaupe skal sikrast som del av norsk fauna, medan ulven skal sikrast som del av den skandinaviske fauna. Utgangspunktet for å sikre levedyktige bestandar av dei ulike artane skal vere eit sterkt vern innafor det som vert oppfatta som dei aktuelle artane sine kjerneområde, dvs. dei områda der artane finst i faste og reproduktive bestandar i dag. Meldinga opnar for felling av dyr også i kjerneområda, men føresetnaden her er at slik felling ikkje skal sette bestandane i fare. Utanom kjerneområda skal det bli lettare å få fellingsløyve, men ein legg likevel til grunn at dei aktuelle artane og skal kunne leve der dersom dei ikkje medfører vesentleg skade. Delar av vårt fylke er omfatta av det sørnorske kjerneområdet for jerv, sjå kap 2.3.

Av hovudpunkt elles i meldinga kan nemnast at det spesielt i kjerneområda vil bli stilt midlar til disposisjon for førebyggjande tiltak. Vidare vert det opna for at ein i tillegg til felling av skadegjerande individ kan tillate lisensjakt på bjørn og jerv dersom artane har nådd eit bestandsnivå som tilseier at bestandane bør regulerast for å unngå for store konflikstar. Dette er nemninga på ei jaktform der det før jakta tek til vert bestemt kor mange dyr som kan fellast og kven som kan delta i jakta. Reglar om slik lisensjakt vart gitt ved forskrift av 9. juli 1993.

Meldinga legg elles opp til å styrke arbeidet med bestandsregistrering og skadedokumentasjon og at dette arbeidet vert plassert hos fylkesmennene som og får tildelt arbeid med å forvalte midlar til førebyggjande tiltak mot rovviltskade. Vidare foreslår meldinga at myndigheit til å avgjere erstatningssøknader om rovviltskade vert lagt til fylkesmannen og at skader som gaupa gjer og vert omfatta av erstatningsordninga. Dette vart gjennomført ved nye reglar av 8. mars 1993.

Elles varsla meldinga at ein ville ta opp til høring ein endring av nødverjeparagrafen i viltlova, slik at høve til å avlive freda rovvilt i nødverje av omsyn til bufe vart avgrensa til berre å gjelde tilfelle av direkte angrep på bufe og ein heimel til å ta unna spesielt truga artar frå nødverjeretten. Denne endringa vart gjennomført ved lovendring av 11. juni 1993.

2.2 Samarbeidsordningar

På bakgrunn av at jerven som held til i vårt fylke er ein del av ein større bestand med utbreiing i nabofylka, vart det i 1989 skipa eit samarbeid om forvaltninga mellom fylkesmennene i Sør-Trøndelag, Oppland og Møre og Romsdal og med ein eigen koordinator til å administrere og samordne forvaltninga knytt til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag (Lucasen og Løfall 1990). I vårt fylke har dette samarbeidet omfatta kommunane Rindal, Surnadal, Sunndal, Nesset og Rauma. Totalområdet for jervestamma si utbreiing vart vidare delt inn i fire delområde med kvar sin lokale hovudkoordinator som hadde eit nett av lokale rovviltkontaktar under seg. Det eine delområdet bestod av Rindal og Surnadal, medan dei andre tre kommunane utgjorde det andre delområdet i vårt fylke. Alle meldingar om jerv og rapportar om undersøkte kadaver der jerv var mistenkt som skadevaldar gjekk direkte frå kontaktnettet til koordinator hos Fylkesmannen

i Sør-Trøndelag. Her vart meldingsmaterialet vurdert og klassifisert og melding sendt til aktuell fylkesmann og i tilfelle skade på bufe til dyreeigar med kopi til viltneimnd og landbrukskontor.

Etter at alle fylka fekk eigen rovviltkonsulent våren 1993 vart det ikkje lenger behov for å halde på denne organiseringa. Frå denne tida har derfor det enkelte fylke sjølv hatt hand om forvaltninga innan sitt område, men med løpande og naturleg samarbeid om problemstillingar som går på tvers av administrative grenser.

Under eit møte om rovviltmeldinga og førebyggjande tiltak på Oppdal i februar 1992 kom det forslag om at det burde opprettast eit regionalt samarbeidsforum for forvaltninga av den felles jervestamma med representasjon frå sauenering og forvaltning. Forslaget fekk tilslutning frå alle hald og den 18. mars 1992 vart det første møtet halde. Utvalet fekk nemninga Arbeidsutvalet for Dovre/Rondane jervregion og vart samansett av ein representant frå saueneringa i kvart av fylka Sør-Trøndelag, Oppland og Møre og Romsdal, ein representant frå fylkeslandbrukskontora og ein frå miljøvernavdelinga hos fylkesmennene i dei sama fylka. I tillegg vart forkinga ved Norsk institutt for naturforskning representert i utvalet. Frå desember 1992 har og dei same interessene frå Hedmark fylke vore representert i utvalet.

Utvalet er ikkje eit forvaltningsorgan med tillagt myndigheit, men eit forum der ein tek opp til brei diskusjon ulike tema knytt til forvaltninga av den felles jervestamma.


I 1993 vart det og oppretta eit utval på fylkesnivå for å ta opp saker av felles interesse mellom næring og forvaltning. Dette utvalet har fått nemninga Kontaktutvalet for rovvilt/småfe i Møre og Romsdal og har hatt to representantar for saueneringa og ein representant frå landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga hos fylkesmannen. Utvalet har i hovudsak drøfta søknader om og fordeling av midlar til førebyggjande tiltak mot rovviltskade.

2.3 Kjerneområde for jerv

Som ei oppfølging av rovviltmeldiga vart det våren 1993 sendt ut på høring eit forslag frå DN om fastsetjing av administrative grenser for kjerneområdet for jerv i Sør-Norge. Utgangspunktet for fastsetjing av grensa var å få med område der jerven har ein fast bestand ved at yngling er påvist, område der arten viser stor aktivitet eller område der jerven finst regelmessig og yngling kan vere sannsynleg. I vårt fylke omfatta forslaget fjellområda Trollheimen, Snøhetta og Reinheimen med areal i kommunane Rindal, Surnadal, Sunndal, Nesset, Rauma, Norddal og Stranda. Utkastet vart av fylkesmannen sendt ut på ei omfattande høring til dei interessene som kunne bli berørt av forslaget. På bakgrunn av innkomne merknader og eigne vurderingar gjekk fylkesmannen inn for ei grense som vart vedtatt av Miljøverndepartementet i juni 1994. I høve til det opphavlege forslaget vart heile Trollheimen og halvøya mellom Isfjorden og Langfjorden tatt ut av kjerneområdet. Grensene for området i vårt fylke er vist på figur 1 og omfattar omlag 3.700 km².

2.4 Betinga fellingsløyve for jerv

For å sikre ein rask og smidig saksgang når ein akutt skadesituasjon oppstår, er det opna for tildeling av såkalla betinga fellingsløyve som blir gitt av DN og som så kan setjast i verk av



fylkesmannen dersom ein vurderer at behovet er til stades. I 1991 fekk fylkesmennene i Sør-Trøndelag, Oppland og Møre og Romsdal eit betinga fellingsløyve på jerv i fellesskap. I midten av august fann fylkesmannen det sannsynleggjort at jerv hadde valda vesentleg skade i Grøvdalen i Sunndal etter at det vart dokumentert at 5 lam var avliva dei siste dagane og det i tillegg var sakna rundt 15-20 lam i det same området. Fellingsløyvet vart derfor iverksett same dag som det kom ønskje om dette frå lokalt hald. Fellingsløyvet vart i første omgang gjort gjeldande frå 17. august til 1. september. Seinare vart perioden utvida fram til 8. september, men utan at det lukkast å felle nokon jerv.

I 1992 fann DN ut frå ei vurdering av bestandssituasjonen at det ikkje var grunnlag for å gje betinga fellingsløyve til fylkesmennene innan Dovre/Rondane jervregion. Dette vedtaket vart påklaga av sauealslag i området, og vart seinare stadfesta av departementet. I 1993 hadde vi ikkje nye opplysningar om bestandstilhøva i området som skulle tilseie ei anna vurdering enn den som vart gjort året før. Av den grunn fann fylkesmannen ikkje å kunne tilrå at det vart gitt betinga fellingsløyve, sjølv om ei vurdering av skadesituasjonen isolert sett viste at behovet var til stades. Etter ein vesentleg oppgang i meldingsomfanget av jerv, særleg frå Trollheimen vinteren 1993-94, men og meldingar frå andre stader utanom det som var foreslått som kjerneområde for arten, bad fylkesmannen om at det dette året vart gitt eitt betinga fellingsløyve på jerv til Møre og Romsdal. Dette resulterte i at vi fekk eit slikt løyve til bruk utanom kjerneområdet i fellesskap med Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Likevel vart det ikkje aktuelt å iverksette dette løyvet.

2.5 Forvaltning av gaupe

Med verknad frå 1. mars 1992 vart gaupa totalfreda i Sør-Norge. Dette hadde ikkje den heilt store konsekvens for vårt fylke sidan den siste gaupa etter det ein kjenner til vart skoten så langt attende som i 1980. Denne fredinga stod ved lag fram til 6. oktober 1993 da det vart gitt jakttid for gaupe i heile landet i tida 1. februar til 31. mars. Samtidig vart det fastsett at jakt berre kan skje i dei områda der fylkesmannen har tildelt kvote.

Reglane om kvotejakt går fram av forskrift om forvaltninga av bjørn, ulv, jerv og gaupe fastsett ved kgl. res. av 9. juli 1993. Her vart det bestemt at det berre kan gjevast kvote på jakt etter gaupe i område der bestandstilhøva tilseier det, dvs i område der gaupa reproduserer og gir eit haustingsverdig overskot. Som det går fram av kap. 3.3.2 er ikkje bestandssituasjonen i Møre og Romsdal slik at det har vore aktuelt å opne for gaupejakt etter at denne jaktforma vart innført. Gaupeskadane har og så langt vore svært små i fylket, slik at ein heller ikkje av den grunn har sett noko behov for å vurdere jakt på arten.

Ovannemnde forskrift legg elles heimelen til å tillate felling av skadegjerande gaupe til fylkesmannen. Tidlegare låg denne heimelen til kommunen (viltnemnda). Slik felling skal så langt råd vere retta mot det eller dei individa som gjer skade. Eit skadefellingsløyve vil av den grunn i utgangspunktet vere avgrensa til den tid ein skadesituasjon varer, dvs at eit løyve normalt ikkje kan strekkast ut over beitesesongen. På grunn av små skadar knytt til gaupa her i fylket, har det så langt ikkje vore aktuelt å vurdere skadefelling på arten.

3. VURDERING AV MELDINGAR OG BESTAND

3.1 Innsamling og klassifikasjon av meldingar

P.g.a sterk etterstrebing frå menneske gjennom tusenvis av år lever dei store rovviltartane i hovudsak eit skjult og diskret tilvære i naturen. Likevel viser all erfaring at i område der dei finst meir eller mindre fast vil dei bli avslørt både gjennom direkte observasjonar og ved ulike sporsteikn som dei lagar i naturen. Særleg der dei ulike artane er sjeldne vil tilfeldige observasjonar som blir gjort av folk lett bli kjent ved at observatørane fortel om meir eller mindre sensasjonelle opplevingar. Ofte kjem slike observasjonar også fram i media og vert på den måten kjent for eit breiare publikum.

Forvaltninga vil i sitt arbeid med å kartleggje bestand og utbreiing av dei aktuelle artane vere heilt avhengig av best mogleg tilgang på meldingar som tilfeldige observatørar gjer ute i naturen. Særleg gjeld dette artar med svært glisne bestandar eller individ på streif utafør tilhaldsstader for faste bestandar som det vil være uråd utan urealistisk ressurstilgang å kartleggje med meir målretta takseringar og feltundersøkingar. Dette vil i dagens situasjon vere tilfellet med alle dei fire store rovviltartane i vårt fylke med unnatak for jerven innafør utbreiingsområde for stammen i Dovre/Rondane jervregion der ein har etablert eit fast sporingssopplegg.

Det vil her bli presentert ei oppsummering av det meldingsmaterialet vi har registrert for alle dei fire store rovviltartane i perioden 1991-94 saman med bestandsvurderingar så langt materialet tillet. Meldingsmaterialet består av to hovudkategoriar. For det første er det meldingar om direkte observasjonar av dyr ute i terrenget eller ulike sporsteikn etter dyr som fotavtrykk, lydytringar, kløremerke, gravespor, ekskrement, hår m.m. Alle slike meldingar er tatt inn og vist artsvis i vedlegg 1. Den andre hovudkategorien består av kadaverfunn som er gjort og der ein gjennom undersøking av kadaveret har funne det dokumentert eller sannsynleggjort at ein av dei fire aktuelle rovviltartane har avliva byttet. Dette materialet er sortert på år og vist som vedlegg 2.

Kadavermeldingar som er klassifisert som uoppklart eller der dødsårsaka er funne å vere ei anna enn store rovdyr er i denne oppsummeringa ikkje ført som ei rovviltmelding sjølv om det var påstand eller mistanke om at store rovdyr var skadevaldar i utgangspunktet. Dette er ei endring i høve til tidlegare klassifikasjon av tilsvarande materiale her i fylket, jfr. Lucasen og Løfall (1990) og Løfall og Lucasen (1991). Årsaka til denne endringa er at dei aller fleste kadavera vert undersøkt utan at det på førehand er sterke påstandar om kva for ein rovviltart som er årsak og at det i den grad det måtte vere det oftast er lause spekulasjonar som ligg til grunn for oppfatninga, i alle høve i dei tilfella der materialet er så mangelfullt at konklusjonen vert uoppklart. Denne endringa omfattar likevel berre ein svært liten del av det samla materialet og vil vere utan konsekvens for dei bestandsvurderingar som er gjort.

Til hjelp både for å samle inn meldingar, feltsjekke desse og obduere kadaver, er det etablert eit regionalt nett av lokale rovviltkontaktar. Dette nettet vart operativt i 1989 og vart gjennomgått på nytt i 1993 da det og vart laga ein rettleiande instruks for kontaktane. Kontaktnettet slik det var sommaren 1994 er vist i vedlegg 4. P.g.a. at det meste av kadaverdokumentasjonen som ikkje er utført av fylkesmannen sjølv er gjort av personell som

har vore engasjert som tilsyn med sau på utmarksbeite, har det vore eit problem at dei fleste i kontaktnettet har fått lita eller inga trening i slikt arbeid.

Meldingsmaterialet som er presentert i det følgjande byggjer i hovudsak på observasjonar som er gjort direkte av fylkesmannen eller lokale rovviltkontaktar, meldingar som har kome inn direkte til oss, lokal rovviltkontakt eller kommunal viltforvaltning, rykte som er fanga opp på ulik måte og som ein har lukkast i å etterspore samt meldingar som kjem fram gjennom lokalavisene og som vi får kjennskap til ved abonnement på rovviltutklipp frå fylket gjennom Norske Argus.

I den grad det er mogleg å spore seg attende til observatøren vert dette gjort for å få nærare greie på kva som skal vere observert. Ut frå slike intervju og eventuell feltdokumentasjon dersom det vert vurdert føremålstenleg, blir meldinga klassifisert i følgjande kategoriar: godteke, sannsynleg, uoppklart, forkasta eller feil (for klassifikasjon av kadavermateriale sjå kap. 4.1).

Følgjande kriterium kan knytast til dei ulike kategoriane:

Godteken melding: Dette skal i utgangspunktet vere ei melding som er dokumentert anten med foto eller anna innsamla og undersøkt materiale som hårprøver, ekskrement e.l. og som eintydig viser at meldinga gjeld den aktuelle arten. Ei melding vil og bli klassifisert som godteken dersom sporteikn vert granska i felt av fylkesmannen eller lokal rovviltkontakt og fylkesmannen etter ei samla vurdering finn det tvillaust at meldinga er rett. Likeins vil meldingar om jerv frå område der vi veit at arten finst frå informantar som fylkesmannen eller lokal rovviltkontakt festar stor lit til ut frå personleg kjennskap om erfaring med vurdering av sporteikn og dyreobservasjonar bli klassifisert som godteke dersom meldinga er god og eintydig og vedkommande er sikker på observasjonen. Særleg når det gjeld meldingar om gaupe har vi i denne rapporten lagt ei strengare vurdering til grunn for å klassifisere ei melding som godteken enn i oppsummering av materialet frå perioden 1987-90 (Lucasen og Løfall 1990 og Løfall og Lucasen 1991).

Sannsynleg melding: Dette vil vere hovudklassifiseringa av alle gode, detaljerte og eintydige meldingar både av observerte dyr og sporteikn som passar godt med vedkommande art, der observatøren er relativt sikker på kva vedkommande har sett og der sjansen for forveksling med andre artar vert vurdert som liten. Vi har funne det rett å forlange meir beviskraft for å godta som sannsynleg meldingar om artar som vi ikkje positivt veit finst i eit område (gjeld ulv og bjørn i heile fylket og jerv og gaupe i delar av fylket) enn mindre sensasjonelle meldingar.

Uoppklart melding: Dette vert ein relativt stor sekkepost som på den eine sida kan omfatte gode meldingar t.d. om bjørn og ulv, men der ein ikkje utan vidare kan sjå bort frå forveksling med andre artar, og til dårlege og lite detaljerte meldingar om jerv frå eit område der vi veit at arten finst. Ei melding vil og som hovudregel bli uoppklart der vi ikkje har lukkast å kome i kontakt med observatøren for å få stadfesta dei opplysningar som t.d. blir kjent gjennom media, dersom slike meldingar i det heile blir registrert.

Forkasta melding: Ei forkasta melding er ei melding som er så lite detaljert og uklar at ein påstand om art blir meir eller mindre rein spekulasjon. Slike meldingar er lite interessante og mange er i det heile ikkje registrert som melding.

Feilmelding: Denne klassifiseringa vert nytta for meldingar som gjennom intervju med observatøren eller gjennom feltkontroll dokumenterer eller gjer det meir sannsynleg at observasjonen gjeld ein annan art enn det observatøren meiner eller påstår.

Uavhengig av den klassifiseringa av meldingar som eventuelt vert gjort av lokal rovviltkontakt er det fylkesmannen som trekker den endelege konklusjonen og som står ansvarleg for den vurderinga som vert gjort. Når det gjeld meldingsmaterialet på jerv innafor Dovre/Rondane jervregion (både reine meldingar og kadaverdokumentasjon) frå åra 1991 og 1992 er dette vurdert av fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Materialet frå 1991 er og publisert tidlegare (Loen 1991), men er likevel tatt med her med mindre justeringar ut frå den klassifiseringa som det er gjort greie for ovafor.

Alt materiale frå heile perioden er ført og lagra i Rovbase som er eit dataprogram utvikla av Direktoratet for naturforvaltning til bruk for fylkesmennene for systematisering av rovviltdata.

I tabell 1 er det vist eit oversyn over heile meldingsmaterialet for kvart av åra sidan fylkesmannen overtok arbeidet med registrering av store rovdyr.

Tabell 1: Registrerte rovviltmeldingar frå Møre og Romsdal i perioden 1987-94 fordelt på art og år.

År	Registrerte rovviltmeldingar i Møre og Romsdal i perioden 1987-94				
	Jerv	Gaupe	Bjørn	Ulv	Sum
1987	17	3	10	0	30
1988	19	10	10	0	39
1989	24	7	9	0	40
1990	66	10	11	0	87
1991	84	12	11	1	108
1992	75	17	2	22	116
1993	74	24	7	2	107
1994	119	34	5	2	160

3.2 Bjørn

3.2.1 Registrerte bjørnemeldingar

Tabell 2 viser eit oversyn over noterte bjørnemeldingar i perioden 1991-94. Dei same meldingane er og illustrert på kart i figur 2. Tre av åra er det registrert godkjende eller sannsynlege meldingar. Flest meldingar er det frå 1991 da det kom inn etter måten mange meldingar om bjørn frå Sykkylven kommune. Meldingsaktiviteten starta med funn av eit oksekadaver den 26.07.91 der fleire lokalt meinte at bjørn var skadevaldar. Kadaveret vart undersøkt etter at det hadde ligge nokre dagar i svært varmt ver og det var kadaverlukta som gjorde at dyret vart funne. Aktivitet frå flugelarver gjorde gransking og tolking av skadar og dødsårsak vanskeleg. Tilfellet vart klassifisert som uoppklart og er ikkje ført som ei bjørnemelding.


Tabell 2: Registrerte bjørnemeldingar i perioden 1991-94 fordelt på år, kommune og vurdering.

År	Kommune	God-teke	Sann-synleg	Uopp-klart	Forkasta/Feil	Sum
91	Ørsta			1		1
	Stordal			1		1
	Sykkylven	1	2	2	1	6
	Skodje			1		1
	Nesset				1	1
	Rindal				1	1
91	Møre og Romdal	1	2	5	3	11
92	Norrdal	1				1
	Sykkylven				1	1
92	Møre og Romsdal	1	0	0	1	2
93	Stranda			1		1
	Sunndal			2	1	3
	Aure			1		1
	Halsa				2	2
93	Møre og Romsdal	0	0	4	3	7
94	Tingvoll			2	1	3
	Sunndal		1	1		2
94	Møre og Romsdal	0	1	3	1	5

I månadsskiftet juli/august vart det gjort tre synsobservasjonar av bjørn i områda rundt Velledalen som alle verka truverdige med tanke på bjørn. Grundig gransking av den eine av desse lokalitetane gjorde at det vart gjort eit hårfunn på ein stad der ein og kunne sjå trakk i vegetasjonen som kunne skrive seg frå bjørn, men som åleine ikkje var tydeleg nok til at ein kunne dra ein sikker konklusjon. Håret vart sendt professor Kåre Elgmork ved Universitetet i Oslo for undersøking. Analysen viste at alle mål som lengde, breidde, fargefordeling, margprosent og den indre strukturen på håret var i samsvar med bjørn. Sjølv med den reservasjon som må takast ved undersøking av berre eitt hår, konkludert vi med at håret stamma frå bjørn.

Figur 2. Fordeling av bjørneobservasjoner på kommunar.

- godekte melding
- sannsynleg melding
- + uoppklart melding



I første halvdel av juni i 1992 vart det i fjellområdet aust for Tafjord observert tydelege spormerke etter bjørn. Spora var sett i våt moldjord på ein sti vel 900 m.o.h. Det var eitt svært godt avtrykk og fleire meir utydelege. Under ein varmeperiode like etter tørka molda opp og det vart då tatt ei gipsavstøyping av det tydelege sporet. Avstøypinga er seinare framvist for oss og stadfestar avtrykk av ein framfot av bjørn.

I 1993 vart det ikkje registrert godkjende eller sannsynlege bjørnemeldingar. I første halvdel av juli dette året vart det funne ei skadd kvige og to kalvar i Grøvdalen i Sunndal. Kviga var såpass kvesta at ho seinare måtte avlivast. Lokalt var bjørn sterkt mistenkt som skadevaldar i dette tilfellet, men fleire forhold ved det samla skadebildet og omstende elles i området gjorde at tilfellet vart klassifisert som uoppklart og er derfor ikkje ført som ei bjørnemelding. I området vart det og gjort eit ekskrementfunn som ut frå slik det vart skildra verka svært interessant med tanke på bjørn. Ei laboratoriegranskning av prøven viste likevel at ekskrementet mest sannsynleg stamma frå hund.

Etter at desse observasjonane vart det og gjort ein synsobservasjon av påstått bjørn lenger vest i Sunndalsfjella. Som det så ofte er tilfellet der ein meiner å sjå bjørn ute i friluft fekk observatøren det naturleg nok travelt med å kome seg vekk frå staden etter at det gjekk opp for vedkomande at det var ein bjørn berre 100 meter unna, og det vart ikkje sett av særleg tid til å granske objektet og vurdere alternative forklaringar som kunne vere like eller meir sannsynlege. I dette området er det også fleire gonger sett moskusfe, og kjenneteikna som vart gjort under observasjonen passar for så vidt like godt med denne arten. Meldinga er ført som uoppklart.

I 1994 har vi klassifisert som sannsynleg ei spormelding på bjørn frå Grødalen i Sunndal. Sist i april vart det på ein hard gardsveg med litt nysnø over sett sporavtrykk som av lokal rovviltkontakt vart vurdert å vere frå bjørn. Sjølv om det hadde kome noko snø etter at spora var laga, var det tydelege merke etter fem tær med kraftige klør og spora hadde ei form og ein storleik som det vart meint ikkje kunne forklarast med anna enn bjørn. P.g.a. vanskelege forhold under dokumentasjonsarbeidet med tiltakande mørke, snø og mangel på fotobelegg, har ikkje meldinga fått høgare status enn sannsynleg bjørn.

Til slutt kan det nemnast ei melding frå Tingvoll same året. Der vart det rapportert funn av ei knekt og oppklora furu ved ein tursti i skoggrensenivå. Vi gjennomførte synfaring på staden og kunne konstatere at ei ti cm tjukk furu var knekt og splintra to meter oppe på stammen. Det var fleire risp og kloremerke i borken som godt kunne samsvare med bjørn. Dessutan var stein velta utover og einerbusskar var knekt. Det var og opprota i lyng og humus i ein skråning ovafor furua som kunne passe med sporavtrykk etter ein breibeina bjørn. Dersom alt dette var stelt i stand av eit dyr, var det ikkje mogleg å finne noko anna rimeleg forklaring enn at det var gjort av bjørn. Likevel verka det svært mistenkeleg at det etter ein såpass omfattande aktivitet på eit svært avgrensa område trass iherdig søk ikkje lukkast å finne hår etter bjørnen. Av den grunn ønska vi ikkje å trekke nokon endeleg konklusjon før det dukka opp fleire meldingar som kunne styrke konklusjonen om ein eventuell bjørn i området. Seinare kom det fram gjennom ei avis at spora var planta av to ungdommar. Eksempelet viser at det kan vere mogleg å fabrikkere rovviltmeldingar som forvaltninga får problem med å forklare, og er for så vidt ikkje eineståande i så måte.

3.2.2 Vurdering av bjørnebestand

Resultata frå rovviltprosjektet som gjekk i perioden 1980-84 konkluderte med at det var eit minimum på mellom 160-230 bjørn i Norge på denne tida (Kolstad m.fl. 1984). Bjørne-Norge vart oppdelt i stammer i område det arten var fast etablert og der det var dokumentert eller sannsynleggjort yngling i løpet av ein femårsperiode. Område med meir sporadiske meldingar om bjørn og der det ikkje var indikasjonar på yngling fekk nemninga førekomst.

Rovviltprosjektet konkluderte med bjørn i to område i vårt fylke. På Nordmøre var det i denne perioden fleire godtekne observasjonar både av enkelt dyr og bjørn med ungar. Desse dyra vart rekna til Nordmøre-Holondastamma der det vart konkludert med eit minimum på mellom 7-15 dyr. Dessutan vart det skilt ut ein førekomst i grenseområda mot Sogn og Fjordane som gjekk under nemninga Sunnmøre-Nordfjordførekomsten. Der rekna rovviltprosjektet med at det var eit minimum på mellom 3-7 dyr.

Seinare er bestandsvurderingane frå rovviltprosjektet gått gjennom på nytt, både ut frå nytt meldingsmateriale som har kome til og ikkje minst ny kunnskap om den kapasitet bjørnen har til lange vandringer og svært stort områdebruk, særleg der det er lite å finne av artsfrendar. Såleis konkluderer Sørensen m.fl. (1990) at det i perioden 1983-86 var grunn til å rekne med eit minimum på mellom 102-153 bjørn i Norge. Der vart stamma over grenseområda mellom Nordmøre og Sør-Trøndelag rekna til 3-4 dyr, medan Romsdalsområdet som no omfattar resten av fylket sør for Tingvoll-Sundalsfjorden hadde eit tal på bjørn mellom 0-4.

Den siste bestandsvurderinga er gjort av Swenson m.fl. (1990). Denne vurderinga er både basert på analyse av fellingsdata på bjørn i Skandinavia frå midten av førre hundreåret og data om områdebruk, reproduksjon, levealder m.m. samla inn gjennom det norsk/svenske bjørneprosjektet der i alt 131 bjørn har vorte merka med radiosendar. Hovudpunkta i undersøkinga viser at den Skandinaviske bjørnebestanden på midten av 1800 talet var på rundt 4-5000 dyr med dei tettaste bestandane m.a. i Møre og Romsdal. Etter ei kraftig etterstrebing i begge land fram mot hundreårsskiftet innførte Sverige gradvise fredingstiltak som gjorde at situasjonen der etter kvart stabiliserte seg og vende til ein auke, medan nedgangen i Norge fortsette på ein måte som gjorde at ein særnorsk funksjonell bjørnestamme var utrydda før siste krig. Her i fylket oppgir rapporten at bjørnebestanden vart funksjonelt utrydda (definert som siste år i ein treårsperiode med felling av bjørn kvart år) i 1919, medan den aller siste bjørnen i fylket etter offisiell statistikk vart skoten i 1924. Dei aller fleste bjørnane som har hatt tilhald i vårt land etter at arten vart freda i 1973 er såleis produsert i og vandra inn frå Sverige der rundt 98 % av den samla Skandinaviske bestanden held heime. Rapporten viser til at med den lange grensa som vi har mot Sverige, vil det variere over tid kor mange bjørnar som oppheld seg her i landet. I gjennomsnitt er dette vurdert å utgjere rundt 10-20 dyr. I tillegg kjem bjørn i Finnmark som tilhøyrrer ein norsk/finsk/russisk bestand og som er relativt isolert frå den Skandinaviske bestanden.

Etter dette må teoriane og eventuelle ønskje om ein bjørnebestand med utgangspunkt i vårt fylke vere avliva. Dette høver og godt med det meldingsmaterialet som både er publisert her og i tidlegare rapportar (Lucasen og Løfall 1990 og Løfall og Lucasen 1991). I perioden 1987-90 vart det såleis berre registrert ei melding om bjørn som kunne klassifiserast som sannsynleg. Meldinga er frå Aure i 1988. I perioden 1991-94 er det godkjende meldingar berre to år og som mykje sannsynleg kan dreie seg om same dyret. Det er derfor ikkje noko som

tyder på at vi har fast tilhald av bjørn her i fylket. All erfaring frå område der det er konstatert at det finst bjørn viser at dette er ein av dei artane som lagar mest og flest sporteikn i naturen, og at det derfor er etter måten enkelt å avsløre om det finst bjørn i eit område, sjølv med ei streng vurdering av meldingar som kjem inn.

Det at ein ikkje finn fast førekomst av bjørn treng likevel ikkje å tyde at arten ikkje kan finnast, i alle høve i periodar. Gjennom det Svensk-Norske bjørneprosjektet har ein m.a. fått kunnskap om at hannbjørn i område med mangel på binner vandrar lenger og nyttar mykje større areal enn det ein trudde tidlegare. I Hedmark er det såleis påvist gjennom radiopeiling at ein hannbjørn har nytta eit årsareal på knappe 30 000 km², medan det normale der det finst tettare med binner er rundt 1 500 km² (Wabakken m.fl. 1992). Når det gjeld langvandring, har ein funne tilfelle av døgnmarsjar på 40 km og vandringar på 200 km i luftline på ei veke. Ut frå dei resultatene ein har kome fram til vil ein hannbjørn som legg ut på vandring frå Trysil i teorien kunne nå vårt område på 9 dagar. Denne kunnskapen gjer derfor at ein ikkje kan sjå bort frå vitjing av bjørn også i Møre og Romsdal og at eit individ for så vidt kan ta tilhald her over ein viss periode. Men dersom det er snakk om tilhald over lengre tid og ikkje minst dersom det skulle vere fleire individ med mistankar om yngling, vil det vere meir enn merkeleg om dette ikkje skulle kunne provast sikkert både gjennom direkte observasjon av bjørn eller ved dei mange sporteikn som denne arten lagar i naturen.

3.3 Gaupe

3.3.1 Registrerte gaupemeldingar

I perioden 1991-94 vart det registrert 87 gaupemeldingar. 5 av meldingane er vurdert som godtekne, 58 som sannsynlege, 22 som uopplarte, medan feltkontroll viste at 2 av meldingane var feil. Tabell 3 viser eit oversyn over meldingane fordelt på år, kommune og vurderingsstatus. Meldingane er og vist på kart i figur 3.

Det er etter måten svært få meldingar som er godtekne, medan det er ei stor overvekt av sannsynlege meldingar. Forklaringa på dette ligg i at ein svært stor del av meldingsmaterialet dreier seg om synsobservasjonar der ein berre har informanten si augnevitneskildring av observasjonen. Gaupa i vårt område er såpass sjeldan at vi ikkje har funne å ville klassifisere synsobservasjonar som godtekne utan at det har vore handfaste prov i tillegg som det har vore mogeleg å dokumentere (t.d. spor). Dei aller fleste truverdige og gode synsobservasjonane er derfor klassifisert som sannsynlege. Når det gjeld spormeldingar har problemet med å godta desse vore at meldingane ofte kjem så seint inn at det har vore uråd å få til feltkontroll av meldingane. Gode spormeldingar som ikkje er dokumentert gjennom foto eller feltkontroll er derfor og ført som sannsynlege.

3.3.2 Vurdering av gaupebestand

Av tabellen går det fram at det har vore ein til dels kraftig auke i meldingsomfanget frå 12 i 1991 til 34 i 1994. Tabell 1 med oversyn over talet på meldingar frå 1987 stadfestar inntrykket av ei auka meldingsmengde, særleg dei siste to-tre åra.

Det er vanskeleg å trekkje ein eintydig konklusjon om at dette reflekterer ein auke i gaupebestanden. Meldingane kjem stort sett frå dei same områda og det er ikkje noko som


Tabell 3: Registrerte gaupemeldingar i perioden 1991-94 fordelt på år, kommune og vurdering

År	Kommune	God- teke	Sann- synleg	Uopp- klart	Forkasta/ Feil	Sum
91	Molde	1		2		3
	Ørsta			1		1
	Sykkylven		2			2
	Rauma		2	1		3
	Aukra			1		1
	Surnadal		2			2
91	Møre og Romdal	1	6	5	0	12
92	Molde		1			1
	Vanylven		1			1
	Volda			1		1
	Stordal		1			1
	Sykkylven		3	2		5
	Rauma		1	1		2
	Fræna		3	1		4
	Rindal	1				1
	Halsa		1			1
92	Møre og Romsdal	1	11	5	0	17
93	Rauma		2			2
	Fræna			1		1
	Tingvoll		1	1		2
	Sunndal		5			5
	Surnadal		10	2		12
	Aure		1			1
	Halsa		1			1
93	Møre og Romsdal	0	20	4	0	24
94	Molde		1	1	1	3
	Volda	1				1
	Stranda			1		1
	Stordal			1		1
	Sykkylven		2			2
	Skodje		3			3
	Rauma	1	6	2		9
	Fræna		3	1		4
	Tingvoll			1		1
	Sunndal	1		1		2
	Surnadal		1			1
	Rindal		2		1	3
	Halsa		3			3
94	Møre og Romsdal	3	21	8	2	34

tyder på at det har vore ein auke i utbreiinga av gaupe i perioden. Det har heller ikkje vore meldingar som stadfestar yngling i den fåtalige gaupebestanden vi har i fylket. Dei einaste prov på yngling sidan fylkesmannen tok over registrering av store rovdyr i 1987 er frå Sykkylven i 1987 (stadfesta gjennom spormeldingar i 1988) og frå Molde i 1990 (stadfesta

Figur 3: Fordeling av gaupeobservasjonar på kommunar.

- godekte melding
- sannsynleg melding
- + uoppklart melding



gjennom kraniefunn frå gaupeunge i 1991). Den siste mistanken om mogleg yngling er meldingar om små enkeltgauper frå Rauma hausten 1994, men desse har vi ikkje funne å kunne godkjenne som bevis på yngling i området. Storleiken på eit dyr ute i naturen vil alltid vere vanskeleg å vurdere, og på den aktuelle tida om seinhausten då desse observasjonane vart gjort vil årsungane vere såpass godt utvaksne at det i dei fleste høve vil være uråd sikkert å skilje ut ungar utan at ein har samanlikningsgrunnlag i vaksne gauper.

Noko av auken i meldingsfrekvensen vil truleg kunne forklarast gjennom informasjon om at forvaltninga er interessert i slike meldingar og at derfor ei større mengde av det publikum ser kjem opp, anten gjennom media eller ved direkte meldingar til rovviltkontaktar og lokale og regionale viltstyresmakter. Eit tilhøve som ein skulle kunne tru ville påverke sjansane for å oppdage sporteikn etter gaupe og dermed meldingsfrekvensen er snøtilhøva om vinteren. Etter ei rekkje med snøfattige og i fleire distrikt praktisk talt snøfrie vintrar frå 1987, vart det ein meir normal eller snørik vinter i 1993-94. Sjølv om denne vinteren gav dei fleste meldingane i heile perioden, viser ei nærare gransking av materialet at spormeldingar var uvesentleg større enn åra før. Den kraftigaste auken i meldingar kjem såleis av gauper som er direkte observert. For heile perioden 1991-94 var såleis 59 % av alle meldingane om gaupespor eller observerte gauper synsobservasjonar (Feilmeldingar frårekna). Forholdet var heilt tilsvarande for perioden 1987-90 (61 % synsobservasjonar).

Det at rundt 60 % av alle meldingar om gaupe frå publikum gjeld synsobservasjonar er i seg sjølv oppsiktsvekkjande. Sjølv om gaupa i vårt fylke til dels er knytt til område med busetnad, trafikk og ferdsel, og gaupa gjerne kan kome heilt inn på hus og busetnad i rolege periodar, vil det likevel når det er snø og springstilhøve vere langt meir vanleg å kome over spor etter arten enn å få sjå dyret. Forklaringa på den fordelinga i meldingstypen som vi har funne er truleg todelt. For det første er det naturleg nok langt meir attraktivt å bringe vidare ein observasjon av ei levande gaupe enn berre eit spor. Dette vil føre til ei underrapportering av spormeldingar. Den andre forklaringa som truleg gir langt større utslag i statistikken er at det i vårt fylke med så liten førekomst som det er av gaupe vil vere berre eit lite fåtal som kjenner sporteikn etter arten.

Meldingsmaterialet bør gi eit brukbart grunnlag for å vurdere tal for ein minimumsbestand. Dersom ein tek utgangspunkt i berre sikre og sannsynlege meldingar gir dette indikasjonar om eit absolutt minimum varierende mellom 3-5 individ dei ulike åra i perioden 1991-94, tabell 4. Dersom ein tek med uoppklarte meldingar i vurderingsgrunnlaget gir dette uvesentlege endringar i bestandstala. Uoppklarte meldingar kan gi støtte for ei gaupe til både i 1991 og i 1994, medan slike meldingar for dei andre åra i beste fall gir støtte til dei vurderingane som alt er gjort.

Denne vurderinga av ein minimumsbestand er ikkje forskjellig frå den som vart funne for åra 1987-90 (Lucasen og Løfall 1990 og Løfall og Lucasen 1991) da det vart vurdert eit minimum på mellom 1-5 dyr kvart av åra. Ein viktig grunn til at det i desse åra vart funne eit like høgt minimumstal som i perioden 1991-94, sjølv med eit vesentleg lågare meldingstal, er at det i to av dei aktuelle åra vart godtatt yngling av gaupe. I ei bestandsvurdering gir dette utan vidare grunn til å fastslå at det har vore minst to vaksne dyr av ulikt kjønn i området.

Ut over det som alt er nemnt vil ei vurdering av kor mange gauper vi totalt har i Møre og Romsdal vere kvalifisert gjetting eller rein spekulasjon. Det at meldingane stort sett kjem frå

Tabell 4: Vurdering av minimumstal for gauper i Møre og Romsdal fordelt på år og område.

År	Kommunar med observasjon av ulike gaupeindivid	Tal gauper
1991	Surnadal	1
	Molde	1
	Rauma	1
	Sykkylven	1
	Sum Møre og Romsdal	4
1992	Halsa/Rindal	1
	Fræna/Molde	1
	Rauma/Stordal	1
	Sykkylven/Vanylven	1
	Sum Møre og Romsdal	4
1993	Aure/Surnadal/Halsa/Sunndal/Tingvoll	2
	Rauma	1
	Sum Møre og Romsdal	3
1994	Halsa/Rindal/Surnadal/Sunndal	1
	Fræna/Molde	1
	Rauma/Skodje	2
	Sykkylven/Volda	1
	Sum Møre og Romsdal	5

dei same områda år etter år og gir grunnlag for ei stort sett lik minimumsvurdering av bestanden, kan gi støtte for ein teori om at dei fleste gaupene vert meldt kvart år og at vi derfor ikkje har fleire gauper enn det som minimumsvurderinga tilseier. Det store innslaget av direkte observasjon av dyr og ei opplagt klar underrepresentering av spormeldingar kan likevel tyde på at det er fleire gauper enn det som ei enkel oppteljing ut frå meldingane gir grunnlag for.

Elles er det vesentleg å merke seg at meldingar om fleire gauper saman eller andre indikasjonar på yngling er svært sjeldan. Dette inneber truleg at gaupa formeirer seg svært sporadisk i fylket og at det derfor neppe er regelmessig førekomst av gauper av begge kjønn i overlappende område. Den største uvissa i ei vurdering av gaupebestanden vert etter dette om det kan vere fleire gauper av same kjønn eller periodevist innslag av ikkje kjønnsmogne individ innafor nokre av dei områda der arten opptre relativt årssikkert. Elles må det understrekast at kanskje fleirtalet av gaupene som har tilhald i vårt fylke neppe er knytt til Møre og Romsdal åleine, men at dei i periodar av året kan ha tilhald i nabofylka. Dette gjer og ei meir sikker bestandsvurdering vanskeleg.

Vi vil konkludere med at det ved utgangen av 1994 fanst eit sikkert minimum på 5 gauper som i delar av året kan ha tilhald i nabofylka.

3.4 Jerv

3.4.1 Registrerte meldingar


I løpet av perioden 1991-94 er det årleg registrert mellom 74-119 jervemeldingar frå fylket, sjå tabell 5. Figur 4 gir eit bileteleg uttrykk av fordelinga av meldingane på kommunar.

Tabell 5: Registrerte jervemeldingar i perioden 1991-94 fordelt på år, kommune og vurdering.

År	Kommune	God-teke	Sann-synleg	Uopp-klart	Forkasta/Feil	Sum
91	Volda			1		1
	Norrdal	1		3		4
	Rauma	2	4			6
	Nesset	3	2	1		6
	Sunndal	52	4			56
	Surnadal	5	3			8
	Rindal	1	2			3
91	Møre og Romdal	64	15	5	0	84
92	Norrdal	2	1			3
	Sykkylven				1	1
	Rauma	5	3			8
	Nesset	3	2			5
	Sunndal	25	14		1	40
	Surnadal	5	9	1		15
	Rindal	1		2		3
92	Møre og Romsdal	41	29	3	2	75
93	Norrdal	2				2
	Rauma	6	4	3		13
	Nesset	3	2	3		8
	Sunndal	10	7	2	1	20
	Surnadal	16	8	3	1	28
	Rindal	2		1		3
93	Møre og Romsdal	39	21	12	2	74
94	Norrdal	1	1	1		3
	Stranda			2		2
	Sykkylven			1		1
	Rauma	1	3	2		6
	Nesset	8	2	5		15
	Sunndal	13	11			24
	Surnadal	36	14	3	1	54
	Rindal	5	4	1	2	12
	Aure				1	1
Halsa			1		1	
94	Møre og Romsdal	64	35	16	4	119

Figur 4: Fordeling av jerveobservasjonar på kommunar.

- 10 godtekte meldingar
- ▣ godteke melding
- 10 sannsynlege meldingar
- sannsynleg melding
- + uoppklart melding



Dei aller fleste jervemeldingane kjem frå dei tradisjonelle jerveområda i tilknytning til Reinheimen, Snøhetta og Trollheimen der det gjennom fleire år har vore kjent at det finst jerv. Det har likevel vore spreidde meldingar om jerv og frå andre stader utanom tradisjonelle tilhaldsstader for arten. Dei aller fleste av desse har fått statusen uoppklart. Desse meldingane er ei frå Volda og tre meldingar frå Eidsdal i Norddal kommune i 1991, og ei frå Sykkylven og to frå Liabygda i Stranda kommune i 1994. Frå 1991 føreligg det og ei uoppklart melding frå Nordmarka mellom Rindal og Surnadal kommune. Frå dette området kom det dessutan fleire meldingar etterjulsvinteren 1994 og det vart da sikkert konstatert at det var ein jerv i dette fjellpartiet. Ei sannsynleg melding frå Nordmarka i Surnadal i desember same året kan tyde på at ein jerv har teke meir fast tilhald i dette området og at observasjonane tidlegare same året ikkje berre var snakk om eit sesongbesøk frå Trollheimen. Det må og nemnast at det i 1993 og 1994 er notert to jervemeldingar frå halvøya mellom Isfjorden og Langfjorden. Dette fjellpartiet har så langt ikkje vore sett på som eit tradisjonelt bruksområde for arten, men periodevis innslag av streifdyr i dette området vil på ingen måte vere usannsynleg sidan det har naturleg samanheng utan brot av sivilisasjonsinngrep med meir faste tilhaldsstader for arten i søraust.

Frå område der det er relativt jamn trafikk av jerv er det ei klar underrapportering, særleg av spormeldingar. Dersom ein ser på Sunndal kommune, der det spesielt på sørsida av hovuddalføret er etter måten vanleg å sjå spor etter jerv om vinteren, er det dersom ein ser bort frå meldingar som kjem frå kadaverundersøkingar for åra 1991 og 1992 berre notert 4 jervemeldingar. Ut frå den kunnskapen vi har om aktiviteten av jerv i dette området frå anna materiale, gir meldingane eit svært dårleg bilde av førekomsten av jerv i kommunen. Både denne konstateringa og ut frå sunn fornuft er grunn til å tru at det er eit generelt problem ved bruk av meldingar som grunnlag for å vurdere bestand og eventuelle endringar i bestandstilhøve at ein får inn ein mykje mindre del av den totale observasjonsmengda frå område der ein art er vanleg og der det er meir rutine å sjå sporteikn etter arten når ein er ute, enn der slike observasjonar er sjeldnare.

3.4.2 Vurdering av jervebestand

Jerven i Møre og Romsdal er ein del av den sømorske jervebestanden som gjennom ulike forskings- og registreringsprosjekt har vore følgt sidan 1979. Jerven i dette området er knytt til fjellområda Rondane, Reinheimen, Dovrefjell og Trollheimen, og der Dovrefjell eller utbreiingsområdet for villreinstamma i Snøhetta har vore sett på som kjerneområdet for arten og der det meste av ynglinga har skjedd. Dette store området har i forvaltningssamanheng fått nemninga Dovre/Rondane jervregion. Med den store mobiliteten som jerven har og dei svært store areala som det enkelte individ nyttar, gir det derfor lita meining å snakke om ein eigen bestand i Møre og Romsdal, sjølv om enkeltindivid kan vere knytt i hovudsak til vårt fylke.

Meldingane i seg sjølv gir for jerv elles ikkje noko grunnlag for å vurdere storleiken på bestanden. I beste fall kan ei effektiv innsamling og registrering av tilfeldige meldingar gje informasjon om endringar i utbreiing og arealbruk, og ein peikepinn om meir dramatiske bestandsendringar.

Når det gjeld sikrere kunnskap om bestandstilhøve, har den metodikken ein har nytta innafør jervregionen vore koordinert sporing med lokalt feltpersonell over store område. Sporinga skjer med snøscooter eller skipatroljer etter fastlagte ruter eit par dagar etter snøfall der alle

oppdaga spor om mogleg vert registrert med spormål og alder på spora. Ut frå jerven sin store mobilitet og ekstensive arealbruk legg ein til grunn at dei fleste jervane som held til i området vert avdekt gjennom eitt eller fleire spor under slike registreringar. Data som vert registrert for det enkelte spor gjer det til ein viss grad mogeleg å skilje dei ulike individa. Ved å summere opp registreringane for kvar av rutene og så godt som råd prøve å unngå at spor frå dei same dyra vert talt fleire gonger, kjem ein fram til meir eller mindre sikre minimumstal for bestanden.

Det har i løpet av perioden 1991-94 vore gjennomført to slike sporingar i Dovre/Rondane jervregion, i april 1991 og april 1992. Resultata frå sporingane går fram av tabell 6.

Tabell 6: Resultat frå jervesporingane i Dovre/Rondane jervregion 1991-92.

Område	Absolutt minimum-Sannsynleg minimum	
	1991	1992
Rondane/Knutshø	3-4	3-4
Forelhogna	Ikkje vurdert	0-1
Snøhetta	13-16	9-12
Reinheimen	0-0	3-3
Trollheimen	1-1	1-1
Sum	17-21	16-21

Med dei feilkjeldene som ligg i denne typen registreringar viser resultatata at jervebestanden i området mest sannsynleg har vore på minst 20 dyr desse åra. Det vart frå 1991-92 avdekt ein nedgang særleg i dei austlege delane av Snøhetta. For totalområdet vart dette likevel kompensert ved at det vart funne tre jerv i Reinheimen mot ingen året før. Dette tyder likevel ikkje at det har mangla jerv i Reinheimen før 1993, noko som meldingsmaterialet frå Norddal og viser.

Sidan desse sporingane vart gjennomført er det gjort ei omvurdering av rutenettet for å tilpasse dette betre til dei endringane som ein har sett i jerven sin arealbruk. Det var meininga å gjennomføre ei ny sporing med det nye opplegget i 1994, men p.g.a. ver- og føretilhøva lukkast ikkje dette. I Møre og Romsdal vart det likevel dette året gjennomført ei avgrensa sporing i Trollheimen den 20. april som viste at ein på denne dagen var i kontakt med minst 3 dyr i sjølve Trollheimen og at det var 1 mogleg dyr i tillegg. Elles vart det same dagen konstatert 1 jerv nord for Rindal. Sjølv om ein gjennom tilfeldige observasjonar gjennom 1991 og 1992 også hadde informasjon om at det i alle fall periodevis var to dyr i Trollheimen og følgeleg meir enn det som kom fram under sporingane desse to åra, viser resultatet frå sporinga i 1994 at det har vore ein auke i talet på jerv i dette fjellområdet. Dette høver og godt med meldingsmaterialet som er notert frå Rindal og Surnadal der det var ein markert auke i meldingane frå 1991-92 til 1993-94. Meldingsomfanget frå 1994 kan likevel ikkje takast som eit eintydig signal om bestandsauke, men må og tolkast ut frå svært gode ver- og føretilhøve i februar månad som ført til høgare utfart enn normalt, og der avsette spor stod i lang tid før dei vart viska ut av ny snø eller vind.

Det er vanskeleg å vere sikker på årsaka til bestandsauken i Trollheimen. Dei einaste meldingane om mogleg yngling i dette området frå vårt fylke er ein uoppklart synsobservasjon av tisper med ein unge frå Surnadal i mai 1992 og ei uoppklart spormelding om ein større jerv og ein mindre (mogleg unge) frå Sunndal i september 1993. Ein skal derfor ikkje utelukke at det har vore vellukka reproduksjon i Trollheimen sjølv om næringsgrunnlaget om vinteren med fråvær av rein gjennom det meste av vintersesongen må reknast å vere svært marginalt med tanke på yngling. Ei alternativ forklaring på auken i talet på dyr kan sjølvstgatt vere innvandring frå Snøhetta eller andre område.

Bortsett frå bestandsauken i Trollheimen gir ikkje meldingsmaterialet grunnlag for å trekkje konklusjonar om endringar andre stader i fylket eller i heile jervregionen.

3.5 Ulv

3.5.1 Vurdering av ulvemeldingar og bestand

Ulv representerer eit spesielt problem i samband med dokumentasjon av observert dyr i naturen. Både når det gjeld ytre kjenneteikn på dyret og sporteikn er likskapen med fleire hunderasar så stor at det i utgangspunktet vil vere vanskeleg å godta meldingar sjølv av gode synsobservasjonar frå informantar som ikkje har tidlegare grundig erfaring med ulv. Det same gjeld og sporteikn som vert sett i samband med angrep på eller avliving av sau. Eit spesielt problem er det og at ulv og hund kan pare seg og gje forplantningsdyktig avkom, sjølv om det er usikkert kor stort dette problemet er i Skandinavia. Alt dette gjer at det særleg i område der ein ikkje positivt veit at ulven finst bør reisast sunn skepsis mot ulvemeldingar anten dette er direkte observasjon av dyr, spor eller kadavermateriale. Sjølv i område med ulv viser feltkontroll av meldingar at mange av desse er feil. Wabakken m.fl. (1994) oppgir såleis at over halvparten av ulvemeldingane som vart kontrollert på norsk side i samband med sporregistrering av ulv førjulsvinteren 1993 vart verifisert å vere anten gaupe eller hund.

Lucasen og Løfall 1990 gir eit kort oversyn over ulvemeldingar frå fylket i perioden 1948-1989. Det går fram at det i desse åra vart notert 12 uoppklarte og 3 sannsynlege meldingar frå Møre og Romsdal. Dei sannsynlege meldingane er ei frå Rauma kommune i 1956 og to frå Nesset i 1957. Den siste uoppklarte meldinga var frå Rindal i 1979.

I åra som denne rapporten dekkjer er det notert i alt 27 meldingar, jfr, tabell 7. 1992 skil seg klart ut med i alt 22 meldingar. Dette året vart det første helga i april gjort fleire observasjonar av ulv i grensetraktene mellom Rindal kommune og Sør-Trøndelag der ei samla vurdering av synsobservasjonar og ei omfattande sporing med gransking av enkeltspor, sporsetting, skrittavstandar og åtferda til det spora dyret tilseier at dette kan klassifiserast som ei godkjent ulvemelding. I materialet er observasjonane av dette dyret berre ført som ei melding.

Same året vart det frå midten av juli gjort observasjonar i Sunndal kommune på grensa mot Tingvoll som verka truverdige med tanke på ulv. Det vart her sett eitt dyr som ut frå augnevitneskildringar godt kunne vere ulv, og gransking av spor knytte til synsobservasjonane gjorde at ein heller ikkje kunne sjå bort frå at det faktisk var snakk om ulv. Med den sterke likskapen som det kan vere mellom fleire store hunderasar og ulv gjorde likevel ikkje at ein på det dåverande tidspunkt kunne seie anna enn at det var eit stort hundedyr (omfattar og ulv) som hadde vore i området.

Tabell 7: Registrerte ulvemeldingar i perioden 1991-94 fordelt på år, kommune og vurdering.

År	Kommune	God- teke	Sann- synleg	Uopp- klart	Forkasta/ Feil	Sum
91	Halsa			1		1
91	Møre og Romdal	0	0	1	0	1
92	Rauma			4		4
	Tingvoll		11			11
	Sunndal		6			6
	Rindal	1				1
92	Møre og Romsdal	1	17	4	0	22
93	Tingvoll				1	1
	Rindal			1		1
93	Møre og Romsdal	0	0	1	1	2
94	Molde				1	1
	Rauma				1	1
94	Møre og Romsdal	0	0	0	2	2

I siste halvdel av same månad vart det i Tingvoll og grenseområda mellom Tingvoll og Sunndal undersøkt fleire sauekadaver eller sau som var så sterkt skada at dei måtte avlivast. Skadebildet på desse dyra var og typisk for eit stort hundedyr og vart naturleg nok sett i samanheng med det ukjente hundedyret som oppheldt seg i området.

Ein månad seinare vart det gjort nye funn av kadaver og skadde dyr i Tingvoll. I samband med desse funna vart det og gjort ein synsobservasjon av angrep der skadegjeraren vart påstått å vere ein hund som var mindre enn sauene. Skadebildet på dyra var og slik at ein etter obduksjonen konkluderte med at det var ein hund som hadde vore årsak til skaden. I ettertid er likevel desse tilfella av fleire grunнар omklassifisert til sannsynleg ulv.

Først i oktober vart to nye kadaverfunn obdusert. Desse var utan tvil avliva av eit større hundedyr og det vart i regi av lensmannen i Tingvoll og i forståing med viltstyresmaktene organisert jakt på det ein mest sannsynleg hadde grunn til å tru var ein stor laushund i området. I samband med starten på denne jakta kom det til nye og gode synsobservasjonar som styrkte trua på at det ukjende dyret kunne vere ein ulv. For å unngå å avlive ein mogleg ulv vart all jakt innstilt og det vart gitt økonomisk tilskott til sikring av sauene den tida som var att av beitesesongen. Det vart vidare organisert overvaking av eit sauekadaver som dyret hadde oppsøkt på nytt to døgn etter at det var drepe for om mogleg å få nye og gode synsobservasjonar og eventuelle fotobelegg av dyret. Dette vart seinare avløyst av ei automatisk fotoovervaking, utan at dette tilførte saka noko nytt.

Den siste relativt sikre synsobservasjonen av dyret vart notert den 13.10.92 og åtte dagar etter vart det til ei lokalavis ringt inn ei anonym melding om at ein hannulv på 37 kilo var skoten i det aktuelle området. Dette vart seinare publisert av ei anna lokalavis og saka kom opp i full breidde i media. Journalisten nekta å oppgje kjelda si, men gjekk inn som mellommann og frakta materialet av ulven bortsett frå kraniet som kjelda heldt tilbake, til undersøking ved Østerdal politikammer for sikkert å få fastslått identiteten på dyret. Resultatet av undersøkinga vart at dette høgst sannsynleg dreia seg om ein ulv, men at det på grunn av den store likskapen

som det kan vere mellom ulv og hund ikkje var råd å konstatere art med 100 % visse utan at ein hadde tilgang til kjenneteikn i kraniet.

Saka vart etterforska av politiet med sikte på å finne ut kven som stod bak avlivinga utan at det lukkast å kome vidare med dette. Det vart og reist straffesak mot journalisten for å få han til å oppgje kjelda si. Kjæremålsutvalet i Høgsterett kom den 03.09.93 til at han ikkje hadde slik plikt.


Sjølv om det kan vere ein teoretisk sjanse for at den dyreskrotten som vart vist fram ikkje var ein ulv, og det i tillegg kan reisast eit like teoretisk spørsmål ved om det aktuelle dyret faktisk vart avliva i det distriktet der det vart påstått sidan det ikkje vart påvist nokon åstad for avlivinga, er det ut frå det samla materiale som ligg føre all grunn til å tru at det opererte ein ulv i Sunndal/Tingvoll sommaren og hausten 1992. Det vart gjort langt fleire observasjonar enn det som er undersøkt og ført av oss. Dette gjeld både synsobservasjonar, kadaverfunn, lydytringar, spor, hår og ekskrement. Det er på det reine at fleire av desse observasjonane dreier seg om laushundar som var på streif i kortare eller lengre tid. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at nokre av dei skadane på sau som vart dokumentert eller påstått i dette distriktet i den aktuelle perioden kan vere valda av ein eller fleire av desse hundane.

Elles går det fram av tabell 7 at det vart meldt i alt fire observasjonar av ulv frå Rauma kommune i 1992. Tre av observasjonane er samanfalande i tid i slutten av august frå områda rundt Ulvådalen medan den siste er frå Sandgrovbøtn ein månad seinare. Ingen av desse observasjonane er likevel slik at ein kan seie at ulv er meir sannsynleg enn hund. I figur 5 er alle godtekne, sannsynlege og uoppklarte meldingar vist fordelt på observasjonskommune.

Ulvebestanden i Skandinavia har status som akutt truga og det siste bestandsestimatet viser at det på førjulsvinteren i 1993 var 20-25 ulv i Norge og Sverige (Wabakken m.fl. 1994). Av desse vart 17-21 funne i barskogsområde i Midt-Sverige og tilgrensande strøk av Hedmark fylke i Sørøst-Norge. I Finnskogen i grenseområda mellom Hedmark og Värmland har det vorte født eit kvalpekull kvart av åra 1983-85 og 1987-92. I 1991-93 var det dessutan yngling i eit nytt område i sørøstre Jämtland og Västernorrland i Sverige. Første eller andre året etter ein reproduksjon i eit yngleområde finn ein ofte at yngre dyr vandrar ut frå dei faste bruksområda for den aktuelle flokken. Slike vandringar kan vere svært lange og det er registrert distansar på mellom 300 - 900 km i luftline på få månader (Sørensen og Kvam 1984). Det er mykje som tyder på at 1992 var eit slik år med vandrande ulv utafor tradisjonelle tilhaldsstader. I tillegg til ulven som truleg vart skoten i Tingvoll vart heile 4 ulv påkjørt av bil og tog dette året i Skandinavia (Holme m.fl. 1994).

Figur 5: Fordeling av ulveobservasjonar på kommunar.

- gode teke melding
- sannsynleg melding
- + uoppklart melding



4. KADAVERUNDERSØKING

4.1 Metode og materiale

Undersøking av dyr som er mistenkt avliva av freda rovvilt for å fastslå mest mogleg sikkert kva som er dødsårsak er viktig, både med tanke på å stadfeste tilhald av aktuelle rovviltartar i eit område og i høve til erstatningsoppgjer der det er snakk om eventuell rovviltskade. Alle rovviltartane følgjer eit meir eller mindre stereotypisk mønster både i måten dei avlivar eit bytte og korleis dette eventuelt blir nyttiggjort gjennom etemønster eller lagring med tanke på seinare bruk. Lucasen og Løfall (1990) med sitert litteratur gir eit kort oversyn over drepe og byttedyrhandtering for jerv, gaupe, kongeørn og raudrev som er dei mest aktuelle artane i samband med rovviltskade på bufe her i fylket.

Kadaverundersøkinga vert oftast utført i felt, men det har og vore praktisert at mindre lam eller vitale delar av dyr har vorte tatt inn og levert lokal rovviltkontakt eller sendt til fylkesmannen. Materialet er anten undersøkt av fylkesmannen, lokal rovviltkontakt eller i tilsynsområde for sau av tilsynspersonell som er gitt ei innføring i slikt arbeid av oss gjennom kurs. I nokre svært få einskildtilfelle er materialet berre undersøkt av dyreeigar eller andre.

Prosedyren for ei kadaverundersøking vil vere først å gjere ei rask orienterande vurdering av kadaveret slik det ligg (fotografering) for å sjå etter spor og sporteikn etter eventuelle rovdyr før ein øydelegg desse ved trakk rundt staden. Deretter gjer ein ei ytre gransking av kadaveret for å sjå etter bitt, risp, blod, etemerke eller teikn på sjukdom. Sentralt i all kadaverundersøking er flåing av dyret eller dei restane som er att. Sjølv om det ikkje er mykje å sjå utanpå dyret, kan det vere viktige sporteikn etter bitt, slag, m.m. under huda eller i underliggjande vev. Alle spor og sporteikn skal så godt som råd fotograferast og skildrast på eit standard skjema som er utarbeidd for dette bruk. Etter at ein full prosedyre er gjennomført, kan det så om mogleg trekkast ein konklusjon om kva som har vore dødsårsak.

Den endelege konklusjonen blir så trekt av fylkesmannen når materialet kjem inn. Etter at konklusjonen er trekt, blir det sendt eit brev til dyreeigar (der denne kan identifiserast ut frå merke på kadaveret eller på annan måte) om resultatet med kopi til kommunal landbruks- og viltforvaltning og den som har obdusert kadaveret.

Følgjande kategoriar blir nytta i klassifikasjonen:

Dokumentert rovdyr: Skadane på kadaveret er eintydige eller andre omstende samsvarar eintydig med det som er typisk for vedkomande rovviltart.

Sannsynleg rovdyr: Skadane på kadaveret gjer at ein mistenkjer den aktuelle rovviltarten, men skadebildet er ikkje typisk eller tilfellet let seg ikkje dokumentere fullt ut t.d. på grunn av at åtseletarar har ete av kadaveret. Sporteikn i terrenget kan vere nyttig i visse tilfelle.

Uoppklart: Skadane er fleirtydige eller kadaveret er i ein slik tilstand at det ikkje let seg gjere å finne sikre teikn. Det manglar og spor i terrenget som gir indikasjonar. Uoppklart vil og vere konklusjonen i dei fleste høve der kadaveret ikkje er undersøkt av kyndig personell. Det må understrekast at konklusjonen uoppklart ikkje utelukkar rovviltskade.

Anna årsak: Kadaveret viser ingen teikn til angrep eller skade frå rovvilt. Der det er dokumentert eller sannsynleggjort at skaden ikkje er gjort av rovvilt, men utan at ein sikkert eller sannsynleg kan seie kva som er skadeårsak, vert berre anna årsak sett som konklusjon. I andre tilfelle kan ein kome lenger i å klarleggje kva som har skjedd, t.d. sjukdom eller ulukke.

I perioden som denne rapporten omhandlar er det kvart år undersøkt rundt 100 kadaver og der det alt vesentlege består av sau (i hovudsak lam), jfr. tabell 8. Som vedlegg 2 er vist årslister for alle undersøkte kadaver.

Tabell 8: Undersøkte kadaver i perioden 1991-94 fordelt på år og art.

År	Kadaverart						Sum
	Sau	Geit	Storfe	Hest	Rådyr	Hjort	
1991	74		1			1	76
1992	105	1		1	2		109
1993	78		2		4		84
1994	88		1		9		98
Sum	345	1	4	1	15	1	367


I tabell 9 er vist fordelinga på dokumentert eller sannsynleg dødsårsak dei ulike åra. Det er grunn til å streke under at det kadavermaterialet som er undersøkt i hovudsak gjeld tilfelle der det har vore spesiell grunn til å tru at rovvilt har vore dødsårsak. Materialet må derfor på ingen måte tolkast som representativt for generell dødsårsak til bufe og vilt i fylket.

Tabell 9: Undersøkte kadaver i perioden 1991-94 fordelt på år og skadeårsak.

Årsak	1991	1992	1993	1994	Sum
Jerv	53	49	29	37	168
Gaupe	1	3	1	3	8
Ulv		12			12
Raudrev		3	5	8	16
Hund	5	2	1	1	9
Hundedyr			1	3	4
Kongeørn	2	1	2	6	11
Hubro	1				1
Sjukdom	1		7	6	14
Uluke		1	6	9	16
Anna	1	3	4	10	18
Uoppklart	12	35	28	15	90
Sum	76	109	84	98	367

Ein vil sjå at hubro er oppført som skadeårsak i eitt tilfelle. Dette var eit magert lam som var drepe tidleg i juni i 1991 med klopunktering av lungene. Kadaveret vart undersøkt av lokal rovviltkontakt som meinte at klomerka var mindre enn tilsvarende sett av kongeørn og var ut frå dette sikker på at hubro var dødsårsak. Dette vil i så fall vere eineståande sidan det ikkje er kjent at hubro kan ta så store dyr som sjølv små lam. Tilfellet er og med i Loen (1991) som skriv at ein ikkje har funne noko stort poeng i å overprøve denne konklusjonen. Dette er heller ikkje gjort av oss.

Figur 6: Grafisk oversyn over dokumentert og sannsynleg dødsårsak for undersøkte sauekadaver i perioden 1991-94.



4.2 Jerven som predator på sau

Av materialet som er vist ovanfor går det klart fram at av rovviltet her i fylket er det jerven som er den heilt dominerande skadevaldaren og står som dødsårsak for ca 50 % av det undersøkte kadavermaterialet på sau og lam. I perioden som denne rapporten omfattar er det påvist jerveskade på sau og lam i kommunane Surnadal, Sunndal, Nesset og Rauma med i alt 168 kadaver. Korleis desse fordeler seg på kommunar og år går fram av tabell 10.

Tabell 10: Tal kadaver i perioden 1991-94 der jerv er konkludert å vere dokumentert eller sannsynleg dødsårsak fordelt på kommunar og år.

Kommune	1991	1992	1993	1994	sum
Rauma	0	0	3	0	3
Nesset	0	4	1	4	9
Sunndal	53	38	9	16	116
Surnadal	0	7	16	17	40
Sum	53	49	29	37	168

Det er vel kjent at jerven først og fremst tek lam. Materialet gir og grunnlag for å illustrere dette. Under dokumentasjon av kadaver vert det såleis innhenta fleire standardopplysningar og ein av desse er alderen på det avliva dyret. Av 166 kadaver med kjent alder som gjennom dokumentasjon er klassifisert som sikkert eller sannsynleg drepe av jerv utgjorde vaksne søyer berre 7 % av materialet. Dersom ein avgrensar materialet til dei tilfella som er sikkert drepe av jerv (124 kadaver), inneheldt dette berre 4 % vaksne søyer. Sidan søyene er større enn lamma, bør dei vere lettare å lokalisere som kadaver enn lam. På grunn av storleiken vil dei kunne vere lettare å få auge på, det vil kunne gå lengre tid før dei forsvinn på grunn av naturlege prosessar og jerven vil og kanskje ha større problem med å frakte alt vekk for lagring og bortgøyming. Dette skulle tilseie at i eit stort kadavermateriale bør søyer vere overrepresentert i høve til fordelinga i det jerven faktisk tek.


Etter oppgåvene for organisert beitebruk utgjorde vaksne søyer i dei områda der det har vore jerveskade knappe 40 % av det som vart sloppe på utmarksbeite. Dette er følgjeleg det tilbodet som jerven har av søyer i høve til lam. Når ein så ser på den knappe andelen som vaksne dyr utgjør i kadavermaterialet, skulle dette derfor vere god dokumentasjon på at ved fritt val føretrekkjer jerven heilt klart lam framfor søyer. Grunnane til dette kan vere fleire. Ein heilt openbar årsak er at jerven som andre rovdyr gjer det så lett som mogleg for seg å skaffe mat. Lam er mindre og veikare enn vaksne dyr, og vil derfor naturleg nok framstå som eit lettare bytte og jaktobjekt enn søyer. Eit anna tilhøve som kan vere interessant med tanke på førebyggjande tiltak mot skade er at dei aller fleste søyene i dei områda det her gjeld er utstyrt med bjøller og halsklavar. Når ein veit at jerven sin måte å avlive større dyr på er ved kraftige bitt over nakken, kan det tenkjast at ein halsklave, særleg av metall, vil gje ein angripande jerv ei ubehageleg overrasking dersom han prøver seg. Når dette er prøvd ein gong, kan det tenkjast at det aktuelle dyret seinare vil assosiere halsklave eller eventuelt bjølle med ei negativ oppleving frå eit tidlegare angrep og derfor halde seg unna dyr som har dette utstyret.

Ei anna opplysning som vert notert under kadaverdokumentasjon er omtrentleg dødstidspunkt for det aktuelle dyret. Her er det vanskeleg å vere presis annan enn for heilt ferske dyr og dess lenger kadaveret har ligge ute og til mindre det er att av materialet, dess verre er det å vurdere dødsdato. På det samla materialet dokumentert og sannsynleg jervedrept sau er dødsdato vurdert i 162 tilfelle. I figur 7 er utvikling i skadeforløpet gjennom beitesesongen vist som tal kadaver i 14 dagarsperiodar summert for perioden 1991-94. Materialet viser at vi ikkje har vurdert nokon jerveskade til å ha skjedd før den 15. juli. Det er så eit jamt stigande omfang utover i beitesesongen med ein topp dei to første vekene av september før hovudsankinga i midten av september.

Dette tyder ikkje at jerven ikkje kan ta bufe før midten av juli. For det første kan det vere uvisse i vurdering av dødsårsak ved at ein trur at kadavera er ferskare enn dei faktisk er. Dette kan slå begge vegar og vi er usikre på om det er noko systematisk avvik den eine eller andre vegen i vurdering av alderen på eit kadaver. Likevel kan det ikkje utelukkast at nokre få av dei kadavera som er undersøkt kan ha vore avliva først i juli eller kanskje også i juni.

I enkelte av dei aktuelle områda har det og kome bort dyr før midten av juli, der jerv dels har vore mistenkt som skadevaldar, men utan at det er gjort kadaverfunn. Det kan peikast på aktuelle grunnar til dette. For det første vil lam som vert avliva tidleg vere mindre og forsvinne fortare og av den grunn vanskelegare å oppdage enn meir robuste dyr. Ei anna

Figur 7: Vurdert dødsdato for sau og lam tatt av jerv i perioden 1991-94



forklaring kan vere at tilsyn som førebyggjande tiltak i jerveskadeområda jamt over har starta opp først i juli. Dette inneber ein kraftig auke i beredskapen for å finne kadaver.

Trass at det kan stillast visse spørsmål ved førekomst av eventuelle tidlege tap viser likevel datagrunnlaget at jerveskade først melder seg med styrke frå sist i juli og med aukande omfang utover i beitesesongen. Denne kunnskapen vil vere nytting med tanke på utvikling av førebyggjande tiltak mot skade og skulle m.a. vise at det vil vere mykje å vinne på tidleg og effektiv sanking.

Utviklinga i skadeomfanget med jerv som årsak i perioden 1987-94 slik dette er oppfatta av saueeigarane gjennom søknader om skadeerstatning går fram av figur 8. Ein ser at det var ein sterk auke i skadeomfanget fram til 1992 for fylket sett under eitt og med eit markert lågare nivå i 1993 og 1994. Dersom ein ser på utvikling på kommunenivå er mønsteret noko meir variert, men dei verst utsette kommunane, Sunndal og Surnadal, har ei relativt samanfallande utvikling. Rauma fell og godt inn i det same mønsteret med ein markert nedgang etter 1992. 1991 er elles det einaste året der det er registrert søknader om jerveskadeerstatning frå Norddal kommune.


Det er vanskeleg å forklare den utvikling som her er vist. For det første må ein presisere at oppgåver over krav om erstatning for skade ikkje er noko eksakt uttrykk for omfanget av skade. Det meste av tapet er udokumentert, og dei enkelte søkarane kan vurdere omfanget av ikkje klarlagt skade noko ulikt. Enkelte vil føre opp alt ukjent tap som rovviltsskade og reknar med at dei har lite å tape på det, medan andre er meir nøkterne og innrømmer at det og kan vere andre årsaker enn rovvilt til tap som dei ikkje veit kva skuldast. Desse vil såleis berre føre opp ein del av ikkje klarlagt tap som påstått jerveskade. Særleg i område der både alveld og jerv kan vere aktuelle tapsårsaker, som i delar av Nesset og Surnadal kommunar, vil dette kunne gje seg utslag i påstått jerveskadeomfang.

Det at utviklinga har vore relativt lik over store område der opplagt ulike jerveindivid må stå bak tapa, gjer at ein truleg kan sjå bort frå at årsaka til nedgangen frå 1992 skuldast at eit spesielt problemindivid har forsvunne frå bestanden. Vi har heller ingen indikasjonar på at ein generell nedgang i bestanden kan forklare reduksjonen i skadeomfang frå 1992. Tvert i mot er det relativt gode data på at bestanden i Trollheimen har hatt ein vekst sidan 1992, jf kap 3.4.2. Dette høver for så vidt godt med auken i skadekrava frå Sunndal i 1994 i høve til året før. Heile auken frå denne kommunen frå 1993 til 1994 kjem frå saueeigarar med buskapar som beiter i Trollheimen.

Ei anna mogleg forklaring på utvikling kunne ha vore innsatsen med førebyggjande tiltak mot rovviltsskade som i varierende grad har vore nytta i dei kommunane det her gjeld. Som gjort greie for i kap. 5.3 er det likevel vanskeleg å finne klare effektar av dette.

Inntil vidare får ein la spørsmålet om årsaka eller årsakene til at vi har registrert ein nedgang i skadekrava dei siste par åra stå utan sikre svar.

Figur 8: Tal dyr som det er søkt om jerveskadeerstatning for i perioden 1987-94 fordelt på kommunar



5. FØREBYGGANDE TILTAK MOT ROVVILTSKADE

5.1 Ressurstilgang og disponering av midlane

Etter at jerveskadane i Sunndal viste ein kraftig auke i 1990, fekk vi i 1991 løyvd midlar frå DN til førebyggjande tiltak mot rovviltskade. Det vart da organisert tilsyn med sauene på utmarksbeite i dei mest utsette områda på sørsida av hovuddalføret. Sidan har vi kvart år fått tildelt midlar til førebyggjande tiltak og det aller meste av desse har gått til tilsyn med sauene på utmarksbeite. Tabell 11 gir eit oversyn over kor store midlar vi har fått år for år og i kva for kommunar midlane er disponerte. Tabellen gir og eit oversyn over kor mange månadsverk rekna ut frå talet på feltdagar som tilsynet har vore i aktivitet .

Tabell 11: Midlar til førebyggjande tiltak (i hovudsak tilsyn) og utførte månadsverk til tilsyn fordelt på kommunar og år.

Kommune	1991		1992		1993		1994	
	Tilskott	Mnd.-verk	Tilskott	Mnd.-verk	Tilskott	Mnd.-verk	Tilskott	Mnd.-verk
Norrdal			35.000	3,0				
Rauma			45.000	2,5	35.000	5,5	10.000	2,5
Neset			75.000	4,5	45.000	2,5	46.000	6,0
Tingvoll (ulv)			164.000					
Sunndal	100.000	8,5	135.000	11,0	90.000	7,5	92.000	9,5
Surnadal					45.000	3,0	145.000	19,5
Rindal/Surnadal		5,5	100.000	5,0	35.000	8,5		
Sum	100.000	14,0	554.000	26,0	250.000	27,0	293.000	37,5

Løyvingane frå DN har i perioden variert frå kr. 100 000 i 1991 til kr. 364.000 i 1992. Av løyvinga i 1992 vart 164.000 gitt som refusjon for utgifter som gjekk med til å sikre sau i Tingvoll kommune etter at det var sterke mistankar om ulveskadar i kommunen. Elles må nemnast at fylket i 1992 fekk kr. 100 000 frå tiltaksfondet for småfe og fjørfe som og vart nytta til tilsyn med sau i område med jerveskade. I tillegg til desse løyvingane som har gått til direkte å engasjere tilsynspersonell har det og vore nytta ulike arbeidsmarknadstiltak i dei fleste av områda der det har vore sett inn tilsynsprosjekt. Øremerka tilskott til drift av arbeidsmarknadstiltaka er tatt med i tabell 11.

Bortsett frå midlane til førebyggjande tiltak mot ulveskade i Tingvoll som alt er nemnt, har alle midlane som er vist i tabellen gått til tilsynsprosjekt med unnatak av kr. 25 000 av løyvinga til Surnadal i 1994. Dette beløpet vart betalt ut til brukarar tilslutta Kårvatn beitelag som tilskott til tidleg sanking av sau frå beiteområde med jerveskade.

5.2 Praktisk gjennomføring av tilsynsprojekta

Midlane har vorte fordelt av fylkesmannen i samråd med saueneinga gjennom Kontaktutvalet for rovvilt/småfe i Møre og Romsdal der ein i hovudsak har lagt til grunn tapsomfanget året før ved fordelinga. Dei ulike projekta har vore organisert og styrt lokalt

gjennom styringsgrupper der det sit representantar for lokale sau- og geitalslag, kommunal vilt- og landbruksforvaltning og lokal rovviltkontakt. Tilsynspersonell har og i hovudsak vorte rekruttert lokalt, dels gjennom utlysing og dels gjennom direkte kontakt med aktuelle personar. Personell som har gått på arbeidsmarknadstiltak har vorte plukka ut i samråd med arbeidskontora. Kvart år har det vorte halde eit enkelt kurs for dei fleste som har gått tilsyn der ein m.a. har gått inn på praktiske tips ved utføringa av tilsynet, rapportering og skjemaføring samt dokumentasjon av sporsteikn og kadaver.

Det er utarbeidd ein vegleiande instruks for tilsynet og frå 1992 har det vore nytta eit standard dagrapportskjema som tilsynet har fylt ut dag for dag både som grunnlag for tilvising av lønn og innhenting av data og observasjonar som tilsynet gjer. Tilsynspersonellet har i hovudsak hatt stor fridom til sjølv å leggje opp arbeidet med val av daglege ruter og tidspunkt på døgnet dei har vore i aktivitet, innafor dei hovuddrammene som har vore sett av styringsgruppene.

Etter instruksen for tilsynet skulle alle vaksne sauer i tilsynsområda ha vore kodemerka, slik at tilsynet lett skal kunne sjå kor mange lam den enkelte søya skal ha og ut frå dette tidleg kunne avdekkje eventuelle tap i området. P.g.a. at løyvingane har kome til dels svært seint og etter at sauene er slept ut på beite har det ikkje lukkast å gjennomføre dette i alle områda eller på alle besetningar i område der det har vore tilsyn. Dette har i nokon grad svekka nytten av tilsynet.

5.3 Evaluering av gjennomførte tiltak

Hovudproblemet med ei evaluering av tilsynsprosjekt er at ein ikkje veit kva som hadde skjedd i eit aktuelt tilsynsområde dersom tiltaket ikkje hadde vorte gjennomført. Reint fornuftsmessig skulle ein kanskje ikkje vente at tilsyn i det omfang det har vore drive her i fylket skulle gje noka effekt. Det meste av tilsynet har skjedd om dagen og det er få personar som har dekkja store område i høve til dei areala der jerv og sau kan møtast. I mange av områda er og det tillegg av menneskjeleg aktivitet som tilsynet representerer bagatellmessig i høve til anna ferdsel og turgåing. Det er likevel grunn til å streke under at tilsynet i hovudsak vil bruke terrenget på ein heilt annan måte enn dei fleste turgåarane, som vanlegvis vil følgje turiststiar og tråkk der jerven er meir vant med at det er ferdsel. Tilsynet derimot skal i følgje oppdraget halde lag med sauene. Sjølv om tilsynet i all hovudsak har vore utført om dagen, kan det kastast fram som ei hypotese at dette fører til at jerven i større grad enn om sauene går meir utan tilsyn, vil assosiere sau med menneske og at dette kan leggje inn ein høgare terskel mot angrep.

Ein gjennomgang av materialet dei åra det har vore tilsyn her i fylket kan tyde på at tilsynet har hatt ein tapsreducerande effekt i område der jerveskadane har vore små. Rindal sauealslag hadde ei urovekkjande tapsutvikling på slutten av 1980-talet i Folldalen i Trollheimen som i hovudsak ligg i Surnadal kommune. Her var tapa på lam i 1990 på 16,5 %, men utan at jerveskade var dokumentert. Under tre år med tilsyn gjekk lammetapet ned til 8,1 % i 1991, 5,1 % i 1992 og 4,5 % i 1993, som styringsgruppa reknar som normalt. Også i Rauma kommune var det ein kraftig reduksjon i tapsprosent og skadekrav etter at tilsynsomfanget vart fordobla frå 1992 til 1993, og tapa har sidan halde seg låge. Den same effekten fekk ein og i Norddal kommune der det var tilsyn i 1992 etter at det var ein kraftig auke i tapet året før som vart sett i samband med førekomst av jerv. Her kom tapet ned på normalt nivå i


tilsynsåret og det vart ikkje løyvd midlar til vidareføring av tilsynet. Trass dette har tapa vore på eit normalt nivå både i 1993 og 1994.

I områda med store tap over fleire år og dels brukbar dokumentasjon på jerv som skadevaldar som i delar av Sunndal, Surnadal og Nesset, har det ikkje vore råd å sjå nokon klar effekt av tilsynet på tapa. Men heller ikkje her er det råd å vite kva som hadde skjedd dersom ein ikkje hadde hatt tilsyn.

Dersom ein ut frå erfaringane som ligg føre skal driste seg til å trekke ein konklusjon må det bli at tilsyn på den måten og med det omfang det har hatt her i fylket kan sjå ut til å ha ein førebyggjande verknad i område der det er små tap p.g.a. jerv. Men det kan òg vere grunn til å tru at område som anten er marginale for jerven eller at dei jerveindividua som måtte ha tilhald der viser ei svakare interesse for sau som bytte, vil kunne framvise større årleg naturleg variasjonar i jerveskade enn i meir kroniske skadeområde. Dette gjer ei sikker evaluering svært vanskeleg.

Etter ei lang tids auke i skadeomfang med jerv som årsak her i fylket, fekk vi ein markert nedgang i 1993. Slik dette gir seg uttrykk i talet på dyr det er søkt om jerveskadeerstatning for i perioden 1987-94 er vist i figur 9. Her har vi og lagt inn ein graf som illustrerer tilsynsomfanget i offentleg regi målt i talet på dagsverk sidan dette kom i gang i 1991.

Figur 9: Grafisk framstilling av krav om jerveskade (tal dyr søkt erstatta) og tilsynsinnsats.



Det er neppe fruktbart å legge alt for mykje spekulasjon i denne figuren, men perioden frå 1990 til 1992 gir i alle høve liten støtte til tanken om at tilsyn har ein større generell førebyggjande verknad mot jerveskade.

Hovudintensjonen med førebyggjande tiltak mot rovviltsskade og bakgrunnen for at styresmaktene har gått inn med midlar har vore at rovviltstapa skal reduserast. Ein viktig tilleggseffekt når det spesielt gjeld tilsyn som førebyggjande tiltak, og som i alle fall på lokalt

og regionalt nivå kanskje har kome meir i fokus dei seinaste åra etter som ein har erkjent at verknadene på tapa har vore diskutabel, er at tilsyn har mange andre positive verknader enn å redusere rovvilttap. Dette går stort sett på at tilsyn er vesentleg med tanke på å avdekkje kva som skjer i beiteområda og å dokumentere årsaker til tap. Vidare får ein oversyn over kvar sauene går, dyra blir meir vande med folk og sankinga blir lettare og meir effektiv. Det siste vil og ha ein positiv effekt på rovvilttap sidan desse ut frå erfaringane jamt er høge på slutten av beitesesongen der jerv er skadevaldar, jf. kap. 4.2. Elles er det fleire tilfelle av at tilsynet har funne og berga sauer og lam som har gått seg fast eller er sjuke og forkomne. Alt dette er sjølv sagt positivt for saueigarane, men det kan diskuteras om dette (reint bortsett frå den faglege dokumentasjonen) er eit offentleg ansvar. Men i mangel av tiltak med sikrere førebyggjande effekt vil heilt klart midlar til tilsyn kunne vere ei fornuftig investering med tanke på å betre samarbeidsklimaet og redusere konfliktilhøva i område som er utsette for rovviltskade.

Som nemnt vart det gitt tilskott til sikring av sau i Tingvoll kommune frå tidleg i oktober 1992 etter at det var sterke mistankar om at det var ulv i kommunen. Det vart her gitt tilskott til arbeid og ekstra førkostnader ved å ha sauene i hus eller tett inn til hus om natta før normalt innsett om hausten. Etter at dette tiltaket vart gjennomført, fekk ein ikkje fleire meldingar om skade frå kommunen. Men heller ikkje her er det råd å vite om utviklinga hadde vorte ei anna utan at tiltaket vart gjennomført.

Tidleg sanking har vore presentert som eit effektivt tiltak i område med jerveskade. Kårvatn beitelag som består av brukarar frå andre distrikt der dei m.a. har problem med alveld, vart hausten 1994 etter eige ønskje gitt tilskott til å ta ned dyra frå fjellbeite den 3. september, eller vel ei veke før normal sanking i området. Her veit ein at det ikkje vart meir jerveskade på dei 720 dyr som vart tatt ned tidleg, men ein kan naturleg nok ikkje vite kva som hadde skjedd dersom ikkje tiltaket hadde vorte gjennomført. Det vart heller ikkje dokumentert jerveskade etter den tidlege nedsankinga korkje på dei dyra som gjekk att til ettersanking eller på buskapar i nærliggjande beiteområde som ikkje var omfatta av tiltaket.

5.4 Lukt og smak som avskrekking mot jerveskade

I tillegg til dei tiltaka som er gjennomført i regi av fylkesmannen har Norsk institutt for naturforskning utført eit forsøk for å finne ut om lukt- og smaksstoff festa til sau og lam kan hindre jerveskade (Landa m.fl. 1993 og 1994) Bakgrunnen for dette forsøket er at jerv på same måten som andre pattedyr reagerer på ulike smak- og luktstimuli, og ved å feste stoff til beitedyra som er ubehagelege for jerven håpar ein å kunne endre åtferda til jerven slik at han ikkje eller i mindre grad går etter sau og lam. Det har vorte testa ut ei rekkje aktuelle stoff på jerv i fangenskap og ein har kome fram til eit utval stoff som jerven anten skyr p.g.a. lukta eller ved at dei smakar vondt når han får dei i seg. Luktstoffa har så vorte innkapsla i plastampullar og anten festa til nakken på dyra på forskjellig måte eller til ørekliper.

I 1993 vart opplegget testa ut på seks besetningar innan Snøhettaområdet (i vårt fylke ei besetning i Sunndal og ei i Nesset). I 1994 gjekk forsøket på fem besetningar i Snøhettaområdet (ein buskap i Sunndal) og tre besetningar i Trollheimen (ein buskap i Sunndal i vårt fylke). For å teste effekten har ein stort sett merka tilfeldig halvparten av lamma og halvparten av søyene i dei involverte besetningane.

Erfaringane så langt etter dei to sesongane forsøket har gått har vist stor veikskap ved den tekniske sida av opplegget. Det har dels vore for svak sveis i plastampullane slik at luktstoffet har leke ut i løpet av sesongen. I tillegg har mekanismane som skulle feste ampullane til dyra vore for svake slik at luktstoffet har vorte mista av den grunn. Trass dette har ein fått statistisk målbart lågare tap på dei dyra som har vorte merka i høve til umerka dyr. Forsøket konkluderer så langt med at konseptet vil vere interessant å vidareføre under den føresetnad at ein får forbetra dei tekniske sidene ved opplegget. Ein fullgod test på verknadene av lukt og smak som avskrekking vil ein likevel ikkje få før ein får merka alle dyra i eit skadeområde. Slik forsøket har vore lagt opp dei to sesongane har jerven hatt valet mellom merka og umerka dyr, og om avskrekkinga er så sterk at den vil vere verknadsfull når alle dyra er utstyrt med dei aktuelle stoffa veit ein enda ikkje.

6. ERSTATNING FOR SKADE VALDA AV FREDA ROVVILT

6.1 Regelverket

Den 8. mars 1993 gav Miljøverndepartementet nye reglar om erstatning for skadar på husdyr valda av bjørn, ulv, gaupe og kongeørn, og om kompensasjon for ulemper for dyreeigar. Dei nye reglane la avgjerda i erstatningssakene til fylkesmennene, og det vart bestemt at oppgjeret for beitesesongen 1992 og skulle avgjerast etter det nye regelverket.

Av endringar i regelverket i høve til dei gamle reglane kan det nemnast at skade på fjørkre er tatt ut som erstatningsutløysande, at havørn er tatt ut som aktuell skadegjerande art og at skader som gaupa gjer vert erstatta. Den siste endringa kjem av ein oppgradering av gaupa sin fredingsstatus, medan årsaka til at havørn ikkje lenger er med i erstatningsregelverket er at det trass mykje forskning og datainnsamling så langt ikkje har vore råd å finne sikre prov for at arten tek såpass store pattedyr som lam og kje. Sjølv om det i enkelte unntakstilfelle likevel skulle skje, vil omfanget vere så marginalt at ein ikkje har funne at det er rett at det offentlege skal erstatte slike skadar.

Det har vidare vorte ein raskare saksgang i og med at søknadsfristen er flytta fram til den 1. november og at søknadene ikkje lenger skal sendast om kommunal vilt- og landbruksforvaltning. Ein av intensjonane bak denne endringa og gjennom ei delegering av avgjerda til fylkesmannen har vore at det skal vere råd å betale ut erstatningane same året som skaden vert valda. Dette fekk ein til ved oppgjeret for skadeåret 1994.

Eit av hovudprinsippa i både det nye og det gamle regelverket er at det vert gitt erstatning når det er ført bevis for eller sannsynleggjort at ein av dei aktuelle rovviltartane står bak tap som er avdekt. Som dokumentert rovviltskade vert rekna tilfelle der ein finn kadaver eller restar etter kadaver som ut frå nærare gransking av avlivingsmåte, byttedyrhandtering eller andre sporteikn etter rovvilt på staden sikkert eller sannsynleg kan seiast å vere avliva av ein art som er omfatta av regelverket. Som hovudregel er det personar som er gitt ei innføring i slikt arbeid som skal utføre dokumentasjonen. Dersom dette ikkje let seg gjennomføre, kan ein og godta foto som eintydig identifiserer det tapte dyret og skadevaldar.

Det er eit krav til den som har tap at vedkomande gjer ein innsats for å få skaden dokumentert. Dette vil ved mistanke om rovviltskade innebere at ein følgjer med situasjonen utover i beitesesongen for tidlegast mogleg i ein skadesituasjon å avdekkje når dyr kjem bort. Ved tap

av dyr må ein prøve å finne kadaver og melde inn desse for dokumentasjon i dei tilfella der det er mistanke om rovviltskade. Dersom ein ikkje lukkast i å finne kadaver, vil det i ein søknad om erstatning vere verdfull informasjon når og kvar dyra kom bort.

Dyr som gjennom kadaverfunn er sikkert eller sannsynleg dokumentert tatt av ulv, jerv, bjørn, gaupe eller kongeørn, eller ein av desse artane utan at det er råd å seie kven, vert erstatta fullt ut og er svært greie å forhalde seg til i erstatningssamanheng. Dette gjeld likevel berre eit fåtal av dei dyra det vert søkt om erstatning for, og hovudtyngda vert søkt om og erstatta som sannsynleg rovviltskade. I desse tilfella krev regelverket at ein minst skal trekke frå eit normaltap som i utgangspunktet vil vere den sum av alle andre tap som ikkje skuldast freda rovvilt. I følgje regelverket skal ein som hovudregel nytte gjennomsnittleg tap for fylket basert på oppgåver frå organisert beitebruk dersom ikkje brukaren sjølv dokumenterer eit anna normaltap. Det er likevel høve for fylkesmannen i samråd med landbruksforvaltninga å nytte eit anna normaltap dersom han finn at det er mest rettferdig. Den andelen av tapet ut over normaltapet som vert erstatta blir avgjort av fylkesmannen ved skjønn. Regelverket slår fast at i skadeområde der det ikkje er dokumentert skade skal skjønnet for kva som kan akseptertast som sannsynleggjort rovviltskade vere strengt.

Det er og eit vilkår for å få erstatning at den som har tap har gjort det ein kan forvente for å redusere tapsomfanget. Dette kan t.d. omfatte eit visst minimum av tilsyn med dyra, at sankinga skjer organisert og i rimeleg tid om hausten og at dyra blir slept friske og ikkje for tidleg på utmarksbeite.


I tillegg til erstatningssatsen for kvart enkelt dyr, som vert fastsett for kvart år av Direktoratet for naturforvaltning, etter uttale frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, vert det gitt ein ulempekompensasjon som kan variere mellom 0 - 50 % av erstatningssatsen. Hovudregelen i dei aller fleste sakene vil vere 25 % og denne er meint å dekkje økonomisk tap ved auka arbeid eller kostnad i samband med rovviltskadar i beiteområdet som ikkje er inkludert i den ordinære erstatningssatsen for kvart dyr. Som døme på slike ulemper kan nemnast behov for auka tilsyn og arbeid med å dokumentere skade, meir krevjande sankearbeid, auka førkostnad ved tidlegare sanking, veterinærutgifter ved skade på dyr og redusert slaktevekt på lam fordi morsauen er drepen.

6.2 Normaltap

Sidan ein stor del av erstatningane vert utbetalt på grunnlag av sannsynleg rovviltskade og det i slike høve minst skal gjerast fråtrekk for normaltapet, blir fastsetjing av normaltap eit svært sentralt punkt i eit rettferdig erstatningsoppgjer. Tapet av sau og lam på utmarksbeite i Møre og Romsdal er etter måten høgt. For tiårsperioden frå 1984-93 var såleis gjennomsnittleg tap ut frå tal i organisert beitebruk 2,3 % for vaksen sau og 7,3 % for lam. Dersom ein ser bort frå det tapet som år for år vart erstatta som rovviltskade, vert tapsprosentane i gjennomsnitt 2,2 % for vaksen sau og 6,9 % for lam. Variasjonsvidda for tap frårekna rovvilttap av vaksne dyr i perioden var mellom 1,6 og 2,5 % medan tilsvarande for lam var 6,0 og 7,8 %.

Dersom ein går meir detaljert inn på materialet, vil ein fine at det er store skilnader i tapa frå år til år, mellom område og mellom enkeltbuskar innan same område. Figur 10 viser gjennomsnittleg tap frå organisert beitebruk på kommunenivå i femårsperioden 1988-92 frårekna tap som det er gitt rovviltskadeerstatning for. Vi skal ikkje prøve å peike på generelle

Figur 10: Normaltap (frårekna erstatta dyr) av sau og lam i Møre og Romsdal etter organisert beitebruk for perioden 1988-92



trender i materialet eller gje forklaringar på at einskild kommunar eller distrikt peikar seg ut med høge eller låge tap. Det må likevel slåast fast at det ikkje er mogleg å finne nokon samanheng mellom tapsomfang og problem med freda rovvilt. Det kan og peikast på at fleire kommunar på Nordmøre viser svært høge lammetap. Her er det allment kjent og akseptert at alveld er ein vesentleg årsak til høge lammetap. Vi har sett nærare på utviklinga i tre utvalde sau og geitalslag i dette området der vi har funne tapstal i organisert beitebruk for perioden 1977-93, sjå figur 11. Materialet viser ein påfallande god samvariasjon fram mot dei siste par åra. Bortsett frå i delar av beiteområdet til Todalen beitelag der det har vore dokumentert jerveskade frå i 1992 og 1993, har det vore svært lite av påviste skadar i alle dei aktuelle områda gjennom heile perioden. Ein kan ikkje sjå bort frå at freda rovvilt står bak delar av tapa, men den nære samanhengen i tapsutviklinga gjer det naturleg å konkludere med at det må vere ein felles årsak til hovudtyngda av tapa. Sjølv om dei aktuelle laga til dels har tilgrensande beiteområde, kan det ut frå vår kunnskap om rovviltsituasjonen i området sjåast bort frå at det i alle desse områda står rovvilt bak den tapsutviklinga som er vist. Rovvilt er ei sannsynleg medverkande årsak til at Todalen har hatt ei kraftigare tapsutvikling enn Surnadal i 1992-93.


Når det gjeld Valsøyfjord som ligg dramatisk høgt gjennom heile perioden, er det frå dette området ikkje dokumentert rovviltskade i det heile sidan fylkesmannen overtok arbeidet med skadedokumentasjon i 1987. Dette området er kjent som eitt av dei verst ramma alveldområda i fylket, og det vil vere naturleg å tru at denne sjukdommen er hovudårsaka både til det høge tapsnivået og variasjonen i tapa mellom år. Alveld er og erkjent som eit stort problem i delar av beiteområda til dei to andre laga, og det ligg derfor nær å trekke den slutninga at dette er hovudårsakene til den nære samanhengen i tapsutvikling som vi har vist for dei tre aktuelle områda.

Dersom ein hadde sett nærare på enkeltbuskapar i dei tre laga som er presentert her, ville det og kome fram store skilnader. For Valsøyfjord kan såleis enkeltbesetningar stå utan tap i same året som andre brukarar kan misse over halvparten av lamma.

Dei svært store skilnadene som vi har funne i normaltap mellom år, område og brukarar har gjort at vi i erstatningsoppgjeret har teke sikte på å kome fram til normaltapstal på brukarnivå der slike har vore tilgjengeleg. Dette vart først gjennomført i oppgjeret i 1994. Dei to førre åra nytta vi dels gamle normaltapstal som DN la til grunn i tidlegare oppgjer, dels nytta vi gjennomsnitt av kommunetal frå organisert beitebruk gjennom fleire år og der slike ikkje var tilgjengelege eller verka rimelege for det aktuelle beiteområdet, vart normaltapet fastsett ut frå skjønn.

I 1994 la vi derimot tal frå organisert beitebruk til grunn for den enkelte søkar så langt tilbake som vi kunne finne slike tal. I område der det hadde vore dokumentert eller sannsynleggjort erstatningsutløysande rovviltskade såg vi bort frå eit varierende tal med dei åra med høgast tap på lam for å hindre at normaltapet vart vesentleg påverka av slikt tap. For alle søkarane samla gav dette normaltap varierende frå 1,0-5,5 på vaksen sau og 1,8-13,5 på lam.

Figur 11: Tapsprosent for lam i tre sauealslag på Nordmøre i perioden 1977-93



6.3 Erstatning for sannsynleggjort skade

Ved sida av fastsetjing av normaltap er ei vurdering av den andelen av påstått tap valda av freda rovvilt som blir erstatta som sannsynleggjort skade det som får størst utslag for storleiken på erstatninga til den enkelte søker. Her har det vore ein noko ulik praksis dei tre åra fylkesmannen har handtert erstatningsordninga. I 1992 erstatta vi stort sett alt tap ut over normaltapet i dei beiteområda der vi ut frå ei vurdering av rovviltsituasjonen fann at det var grunn til å tru at jerv, gaupe og ulv (for Tingvoll og tilliggande delar av Sunndal) stod bak tapet, anten spesifisert til konkret art eller uspesifisert som freda rovvilt der fleire artar kunne vere potensielle skadevaldarar. Denne noko liberale behandlinga må og sjåast i samanheng med at vi dette året nytta etter måten høge normaltapstal for fleire område der tapa ikkje var dokumentert.

I 1993 gav vi som hovudregel erstatning for alt tap ut over normaltapet til alle søkjarar i beiteområde der det var dokumentert skade av store rovdyr, medan vi erstatta 50 % av tapet ut over normaltapet i beiteområde der rovvilt som tapsårsak var relativt godt sannsynleggjort, t.d. gjennom dokumentasjon i nærliggjande beiteområde. Der freda rovvilt som tapsårsak var svakare sannsynleggjort vart erstatningsprosenten sett til 25 %. Opplysningar knytt til den enkelte søknad, t.d. om tilsynsomsfang, tidspunkt for beiteslipp eller sanking og oppfølging av plikta til å melde frå om skade for dokumentasjon, kunne føre til flytting opp eller ned ein klasse.

For enda betre å følgje opp krava i regelverket om dokumentasjon av skade, innførte vi i 1994 det prinsippet at berre søkarar som hadde eitt eller fleire dokumenterte skadetilfelle fekk 100 % erstatning ut over normaltapet. Saueigarar med påstått skade i beiteområde der skade av freda rovvilt var dokumentert, men utan dokumentasjon i eigen buskap fekk 75 % erstatning. Elles vart sannsynleggjort skade i hovudsak erstatta som i 1993.

6.4 Erstatning for kongeørnskadar

I 1992 vart det søkt om erstatning for 33 vaksne sauer og 372 lam tatt av kongeørn. Gjennom kadaverundersøking dette året konkluderte vi med at eitt lam var sannsynleg drepe av kongeørn. Frå dette beiteområdet kom det likevel ingen søknad om erstatning. Resultatet av behandlinga vart derfor at det ikkje vart gitt erstatning for kongeørnskadar i 1992, trass dei høge skadekrava. Dette tyder ikkje at vi ser bort frå at nokre av dei 47 brukarane som søkte om kongeørnskade ikkje har hatt slik skade. Dei fleste av søknadene var grunngeve med høge tapstal og at det var jamne observasjonar av ørn i beiteområda. Vi la til grunn at dette ikkje var tilstrekkeleg sannsynleggjering for å utløyse erstatningsplikt etter regelverket og fekk medhald av DN om dette gjennom fleire klagesaker frå dei som søkte om erstatning for kongeørnskade.

Når det gjeld påstandar om ørneskade har vi inntrykk av at saueigarane registrerer at dyra forsvinn og at ein ikkje ser noko anna forklaring på tapa enn at dei må skuldast ørn som finst i beiteområdet. Til dette kan det opplysast at det finst sikker dokumentasjon både her i fylket og frå landet elles på at kongeørn kan drepe lam. Når det gjeld havørn, er det likevel ikkje dokumentert at denne tek så store byttedyr, sjølv etter omfattande feltstudiar og granskningar. Av den grunn er havørna heller ikkje med under erstatningsordninga.

Generelt for kongeørnskadar er at dei skjer unnataksvis. Slik skade kan derfor sjeldan forklare unormalt store tap i eit beiteområde. Vidare er skade valda av kongeørn relativt enkel å dokumentere. Avlivingsmåten skil seg frå rovpattedyr, og sjølv kadaver som har ligge ei tid vil i fleire tilfelle kunne vere mogleg å identifisere som ørnedrepne. Dokumentasjonen vert og relativt enkel ved at store dyr tatt av ørn er lette å finne. Kongeørna er nemleg avhengig av ope terreng for å jakte. Dette gjer at eventuelle kadaver sjeldan vert skjult i skog og kratt. I motsetning til fleire rovpattedyr grev ørna heller ikkje ned eller dekkjer til byttet. Lam er og alt for store til at dei kan fraktast bort heile av ørna.

Når det gjeld dette siste, ligg det føre svært sikker dokumentasjon på ørna si kapasitet til å frakte vekk byttedyr. Kort fortalt viser dokumentasjonen at ei ørn ikkje er i stand til å lette med eit bytte frå bakken som veg meir enn vel eitt kilo. Dersom ørna kjem i fart, i noko motvind og flyg ut over hellande terreng, kan ho plukke opp og frakte med seg vekter på opp mot 3-4 kilo (Bergo 1990).

Elles er det grunn til å minne om at både kongeørn og havørn er tilpassa å nyttiggjere kadaver som ligg i terrenget. Det vil derfor vere normalt å observere ørn saman med ramn i beiteområde der sau og lam døyr av ulike grunnar. Men det at ein på denne måten registrerer ørn som utnyttar kadaver, treng på ingen måte å gje noko forklaring på dødsårsaka.

I 1993 og 1994 har vi erstatta nokre kongeørnskadar ut frå dokumentasjon og sannsynleggjort skade. Her har likevel vurderinga av sannsynleg skade vore noko strengare ved høge tapstal enn når det gjeld skade av rovpattedyr. Vi har praktisert dette slik at der det er snakk om dokumentert kongeørnskade har dette gitt seg utslag i inntil to lam ekstra i erstatning ut over den dokumenterte skaden. Grunngevinga for ikkje å erstatte heile tapet ut over eit normaltap ved dokumentert kongeørnskade i motsetning til t.d. ved dokumentert jerveskade der alt ut over normaltapet vert erstatta, er at kongeørnskadane skjer vesentleg meir tilfeldig og sporadisk enn ein jerveskade. I den grad kongeørn skulle spesialisere seg på å ta små lam, noko ein ikkje kan sjå bort frå i sjeldne unnatakstilfelle, bør det kunne vere overkomeleg også å dokumentere fleire tilfelle. I motsetning til jerven vil ikkje kongeørna lagre byttet eller grave det ned. Lamma vil og som oftast ligge i ope terreng og vere enkle å lokalisere.

6.5 Utbetalt erstatning


Av vedlegg 3 går det fram kor mange dyr det er søkt om erstatning for og kor mange som er erstatta, fordelt på år, kommune og skadevaldande art.

Figur 12 viser eit grafisk oversyn over utviklinga i talet på dyr som er søkt erstatta i perioden 1987-94 og kor mange dyr som er erstatta.

6.6 Klager

I 1992 fekk vi inn klage på avgjerda frå 18 av 153 søkarar (15 %) , i 1993 frå 8 av 43 (15 %) og i 1994 frå 4 av 42 (10 %). Klagenes frå 1992 og 1993 er ferdigbehandla av direktoratet og med eitt unnatak har direktoratet stadfesta fylkesmannen si innstilling i alle klagesakene.

Figur 12: Søknader om rovviltskadeerstatning i Møre og Romsdal



7. LITTERATUR

- Bergo, G. 1990. Ørneskader på småfe og hjortedyr. NINA Forskningsrapport 9. 37 s.
- Holme, J., Lyssand, A. og Axelsen, T. 1994. Faunakriminalitet og annen naturkriminalitet - etterforskning og påtalebehandling. Økokrims skriftserie nr. 8. 222 s.
- Kolstad, M., Kvam, T., Mysterud, I. Sørensen, O.J. og Wikan, S. 1984. Bjørnen i Norge. Utbredelse og bestand 1978-82. Viltrapport 31. 68 s.
- Kvam, T. og Sørensen, O. J. 1994. Rovviltprosjektet 1980-1984. Viltrapport 34. 142 s.
- Landa, A., Tømmerås, B.Å. og Bergersen, L. 1994. Jervpredasjon på sau - Utprøving av lukt og smaksrepellenter 1994. NINA Oppdragsmelding 317. 9 s.
- Landa, A., Tømmerås, B.Å., og Skogland, T. 1993. Testing av lukt og smaksrepellenter og utprøving av effekt for å redusere jervpredasjon på sau. NINA Oppdragsmelding 243. 20 s.
- Loen, J. 1991. Store rovdyr i Sør-Trøndelag og jerven i Dovre/Rondane, 1991. Bestander, konflikter og tiltak. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, miljøvernadvd.. Rapp. nr. 7/1991.
- Lucasen, U. og Løfall, B.P. 1990. Store rovdyr - rovviltskade på bufe. Registrering av jerv, bjørn, gaupe og ulv og skade som freda rovvilt gjer på bufe i Møre og Romsdal; 1987-89. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernadvd. Rapp. nr. 7/1990. 55 s.
- Løfall, B. P. og Lucasen, U. 1991. Store rovdyr - rovviltskade på bufe. Registrering av jerv, bjørn, gaupe og ulv og skade som freda rovvilt gjer på bufe i Møre og Romsdal; 1990. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernadvd. Rapp. nr. 4/1991. 43 s.
- Swenson, J.E. Sandegren, F., Wabakken, P., Bjärvall, A., Söderberg, A., og Franzén, R. 1994. Bjørnens historiske og nåværende status og forvaltning i Skandinavia. NINA forskningsrapport 53. 23 s.
- Sørensen, O.J., Overskaug, K. og Kvam, T. 1990. Bjørn i Norge. Utbredelse og bestand 1983-1986. NINA forskningsrapport 8. 76 s.
- Wabakken, P., Bjärvall, A., Franzén, R., Maartmann, E., Sandegren, F og Söderberg, A. 1992. Det svensk-norske bjørneprosjektet 1984-1991. NINA Oppdragsmelding 146. 45 s.
- Wabakken, P., Bjärvall, A., Ericson, M. og Maartmann, E. 1994 Bestandsstatus for ulv i Skandinavia oktober-desember 1993. Fylkesmannen i Hedmark, miljøvernavdelinga. Rapp. nr. 5/1994. 18 s.

Vedlegg 1, bjørnemeldingar

Bjørnemeldingar 1991-94

Kommune	Journal-nummer	Observasjons dato	Lokalitet	UTM-koordinat	Obs.- kategori	Tal dyr		Vurdering
						Ad	Juv	
Ørsta	R 910001	15.09.91	Isvatnet	32V LQ 800010	s	1		uoppklart
Norddal	R 920037	08.06.92	Raudnukdalen	32V MQ 220016	s	1		godtatt
Stranda	R 930060	15.07.93	Blåhornvatnet	32V LQ 935025	s, sy	1		uoppklart
Stordal	R 910002	23.08.91	Holmesetra	32V LQ 940160	l	1		uoppklart
Sykkylven	R 910003	03.08.91	Geita	32V LQ 762095	s, h	1		godtatt
Sykkylven	R 910004	03.08.91	Velle	32V LQ 767094	s	1		uoppklart
Sykkylven	R 910005	17.07.91	Brunstaddalen	32V LQ 808070	l	1		uoppklart
Sykkylven	R 910006	31.07.91	Velleseterdalen	32V LQ 792065	s, sy	1		sannsynleg
Sykkylven	R 910007	02.08.91	Geita	32V LQ 762095	sy	1		sannsynleg
Sykkylven	R 910008	03.08.91	Vellesetra	32V LQ 792065	e	1		feilmelding
Sykkylven	R 920022	04.08.92	Storremen, Fet	32V LQ 745105	e	1		feilmelding
Skodje	R 910009	01.09.91	Solnør	32V LQ 836314	l	1		uoppklart
Neset	R 910010	18.05.91	Langedalen	32V MQ 445515	g, h	1		feilmelding
Tingvoll	R 940108	27.08.94	Hundan	32V MQ 541924	s, m	1		feilmelding
Tingvoll	R 940119	12.08.94	Kanestraum	32V MQ 545917	l	1		uoppklart
Tingvoll	R 940120	10.08.94	Kanestraum	32V MQ 546916	sy	1		uoppklart
Sunddal	R 930064	12.07.93	Fegran	32V MQ 978193	s, e			feilmelding
Sunddal	R 930065	25.07.93	Eikeil	32V MQ 728361	sy	1		uoppklart
Sunddal	R 930066	11.07.93	Nonshø	32V MQ 985395	l	1		uoppklart
Sunddal	R 940060	30.04.94	Tøftvangen	32V MQ 996337	s	1		sannsynleg
Sunddal	R 940106	12.05.94	Tøfte	32V MQ 897453	sy	1		uoppklart
Rindal	R 910011	08.05.91	Buludalen	32V NQ 091903	l	1		feilmelding
Aure	R 930043	04.06.93	Orsavatnet	32V MR 920220	sy	1		uoppklart
Halsa	R 930062	03.07.93	Haugaskardet	32V MQ 713918	sy, l	1	1	feilmelding
Halsa	R 930063	07.07.93	Strand	32V MR 650020	sy		2	feilmelding

Vedlegg 1, gaupemeldingar

Gaupemeldingar 1991-94

Kommune	Journal-nummer	Observasjons dato	Lokalitet	UTM-koordinat	Obs.- kategori	Tal dyr		Vurdering
						Ad	Juv	
Moide	R 910012	23.02.91	Langlia	32V MQ 335677	d		1	godtatt
Moide	R 910013	19.01.91	Risan	32V MQ 291618	s	1		uoppklart
Moide	R 910014	02.02.91	Risan	32V MQ 291618	s	1		uoppklart
Moide	R 920004	19.01.92	Skaret	32V MQ 140635	s, sy	1		sannsynleg
Moide	R 940027	29.01.94	Hovdenakken	32V MQ 200550	s	2		uoppklart
Moide	R 940052	14.04.94	Nordnesje	32V MQ 168534	sy	1		sannsynleg
Moide	R 940111	18.12.94	Nesjestranda	32V MQ 210533	s	1		feilmelding
Vanylven	R 920016	29.03.92	Raudhamrane	32V LP 243824	s	1		sannsynleg
Volda	R 920036	25.09.92	Folkestad	32V LP 450915	sy	1		uoppklart
Volda	R 940118	16.10.94	Keipen	32V LP 475831	s	1		godtatt
Ørsta	R 910015	20.02.91	Bondalseidet	32V LP 607944	s	1		uoppklart
Stranda	R 940056	02.05.94	Overåneset	32V MQ 017087	sy	1		uoppklart
Stordal	R 920005	15.02.92	Fokkhaugstova	32V MQ 101227	s	1		sannsynleg
Stordal	R 940034	04.04.94	Vinje	32V LQ 968181	s	1		uoppklart
Sykkylven	R 910016	03.11.91	Tu	32V LQ 695205	s	1		sannsynleg
Sykkylven	R 910017	06.10.91	Velleseterdalen	32V LQ 779060	s	1		sannsynleg
Sykkylven	R 920014	01.05.92	Tynes	32V LQ 754181	sy	1		uoppklart
Sykkylven	R 920017	31.05.92	Tynes	32V LQ 755180	sy	1		uoppklart
Sykkylven	R 920035	06.10.92	Tynes	32V LQ 751173	sy	1		sannsynleg
Sykkylven	R 940051	15.03.94	Drabløs	32V LQ 768111	s	1		sannsynleg
Sykkylven	R 940062	01.03.94	Ytre Tandstad	32V LQ 756142	s	1		sannsynleg
Skodje	R 940095	15.09.94	Digernes	32V LQ 759322	sy	1		sannsynleg
Skodje	R 940103	11.10.94	Innvik	32V LQ 750314	sy	1		sannsynleg
Skodje	R 940104	01.11.94	Brusdalsjhjellen	32V LQ 728314	sy	1		sannsynleg

Vedlegg 1, gaupemeldingar

Rauma	R	910018	01.04.91	Isterdalen	32V MQ	318315	s	1	sannsynleg
Rauma	R	910019	18.10.91	Vikåsen, Vågstranda	32V MQ	107420	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	910020	14.10.91	Vågstranda	32V MQ	114431	sy	1	uoppklart
Rauma	R	920008	31.03.92	Raudstøsetra	32V MQ	534105	s	1	uoppklart
Rauma	R	920029	25.07.92	Holmvaedet	32V MQ	483136	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	930017	24.05.93	Horgheimseidet	32V MQ	362299	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	930026	06.02.93	Stølan, Brøstdalen	32V MQ	530040	s	1	sannsynleg
Rauma	R	940030	10.01.94	Stokke, Verma	32V MQ	508140	sy	1	godtatt
Rauma	R	940073	18.04.94	Nebba	32V MQ	330375	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	940077	07.06.94	Vermedalssetra	32V MQ	478142	s	1	sannsynleg
Rauma	R	940092	10.10.94	Fiva	32V MQ	358307	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	940107	07.06.94	Innfjorden	32V MQ	247277	sy	1	uoppklart
Rauma	R	940113	01.10.94	Horgheim	32V MQ	379275	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	940114	30.09.94	Horgheim	32V MQ	383274	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	940115	03.12.94	Romsdalshorn	32V MQ	365304	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	940117	25.12.94	Innfjorden	32V MQ	261295	sy	1	uoppklart
Aukra	R	910021	13.06.91	Hollingen	32V LQ	973630	s, sy	1	uoppklart
Fræna	R	920001	01.03.92	Bjørndalen	32V MQ	145723	s	1	sannsynleg
Fræna	R	920024	15.08.92	Moxy, Myrbostad	32V MQ	104714	sy	1	sannsynleg
Fræna	R	920031	15.03.92	Bjerke	32V MQ	015743	sy	1	uoppklart
Fræna	R	930037	06.09.93	Fræneidet	32V MQ	135725	sy	1	uoppklart
Fræna	R	940026	14.03.94	Skjelbreia	32V MQ	052717	sy	1	sannsynleg
Fræna	R	940054	13.04.94	Varhol	32V MQ	106716	s, sy	1	sannsynleg
Fræna	R	940055	15.02.94	Skjelbreia	32V MQ	053719	sy	1	uoppklart
Fræna	R	940078	06.06.94	Myrbostad	32V MQ	095712	sy	1	sannsynleg
Tingvoll	R	930061	12.07.93	Sallaupen, Aspøya	32V MQ	450900	sy	1	uoppklart
Tingvoll	R	930070	11.07.93	Aspa	32V MQ	446879	sy	1	sannsynleg
Tingvoll	R	940112	13.12.94	Årsund	32V MQ	488958	s	1	uoppklart
Sunnal	R	930005	01.04.93	Ålvundfjord	32V MQ	740685	sy	1	sannsynleg

Vedlegg 1, gaupemeldingar

Sunnadal	R	930009	24.01.93	Harvollan, Flå	32V MQ	725587 s	1	sannsynleg
Sunnadal	R	930022	20.01.93	Ålvudfossen	32V MQ	758669 sy	1	sannsynleg
Sunnadal	R	930058	27.12.93	Rykkjem	32V MQ	739715 s	1	sannsynleg
Sunnadal	R	930072	23.01.93	Åkerstranda	32V MQ	774512 sy	1	sannsynleg
Sunnadal	R	940059	02.02.94	Melkild	32V MQ	675687 sy	1	uoppklart
Surnadal	R	910022	29.01.91	Øvstbødalen	32V MQ	895785 s	1	sannsynleg
Surnadal	R	930006	20.03.93	Hjellnes, Todalen	32V MQ	842672 sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	930010	11.02.93	Bruset	32V MQ	874640 sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	930011	15.02.93	Todalsberga	32V MQ	835675 s	1	uoppklart
Surnadal	R	930044	23.10.93	Løsetsetra	32V NQ	085645 s	1	uoppklart
Surnadal	R	930059	01.07.93	Nordheim, Bøverdalen	32V MQ	870925 sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	930069	04.04.93	Todalshaugen	32V MQ	848662 sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	930073	30.03.93	Sjøasetra	32V MQ	809822 s	1	sannsynleg
Surnadal	R	930074	30.03.93	Heggset	32V MQ	853850 sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	930075	30.03.93	Stangvik	32V MQ	727760 sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	930076	01.04.93	Kvanne	32V MQ	776740 s	1	sannsynleg
Surnadal	R	930077	18.04.93	Kvanne	32V MQ	774740 sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	940053	10.02.94	Todalshaugen	32V MQ	847665 sy	1	sannsynleg
Rindal	R	920020	14.11.92	Børsetlia	32V NQ	083896 s	1	godtatt
Rindal	R	940047	19.04.94	Tørset	32V NQ	082916 s	1	feilmelding
Rindal	R	940097	22.10.94	Langlia	32V NQ	115895 s	1	sannsynleg
Rindal	R	940098	30.10.94	Langlia	32V NQ	114894 s	1	sannsynleg
Aure	R	930042	19.09.93	Sølømen, Aurdalen	32V MR	835175 sy	1	sannsynleg
Halsa	R	920039	22.12.92	Innreitsetra	32V MQ	621896 s	1	sannsynleg
Halsa	R	930071	03.01.93	Innreitsetra	32V MQ	621896 s	1	sannsynleg
Halsa	R	940079	04.06.94	Vassdalsvatnet	32V MQ	670905 s, b	1	sannsynleg

Vedlegg 1, jervemeldingar

Jervemeldingar 1991-94

Kommune	Journal-nummer	Observasjons dato	Lokalitet	UTM-koordinat	Obs.- kategori	Tal dyr		Vurdering
						Ad	Juv	
Volda	R 910023	01.05.91	Bygdaskardet	32V LP 582775	sy	1		uoppklart
Norddal	R 910024	30.04.91	Kulebotn	32V MQ 345185	s	1		godtatt
Norddal	R 910025	06.11.91	Kilisti	32V MQ 036036	sy	1		uoppklart
Norddal	R 910026	27.09.91	Smogereset	32V MQ 010014	s	1		uoppklart
Norddal	R 910027	30.11.91	Haugen, Eidsdal	32V MQ 041028	s	1		uoppklart
Norddal	R 920021	23.07.92	Ellingskoppen	32V MQ 280150	s	1		sannsynleg
Norddal	R 920048	09.04.92	Veslelangdalen	32V MQ 290171	s	1		godtatt
Norddal	R 920049	09.04.92	Langfjellidalen	32V MQ 358182	s, sy	1		godtatt
Norddal	R 930001	11.04.93	Kulehøgda	32V MQ 330203	s	1		godtatt
Norddal	R 930002	10.04.93	Landversbreen	32V MP 240910	s	1		godtatt
Norddal	R 940050	21.04.94	Veslelangdalen	32V MQ 288172	s, e	1		godtatt
Norddal	R 940085	10.08.94	Slufsane	32V MQ 335212	s	1		sannsynleg
Norddal	R 940116	15.12.94	Rem	32V MQ 187137	sy	1		uoppklart
Stranda	R 940057	27.04.94	Ringset	32V LQ 988108	sy	1		uoppklart
Stranda	R 940058	22.04.94	Liabygda	32V LQ 993112	sy	1		uoppklart
Sykkylven	R 920018	15.03.92	Aurdal	32V LQ 784213	s, sy	1		feilmelding
Sykkylven	R 940041	13.04.94	Nysetervatnet	32V LQ 850155	s	1		uoppklart
Rauma	R 910029	13.01.91	Vetlelia	32V MQ 470040	s	1		godtatt
Rauma	R 910030	31.01.91	Alteret	32V MQ 465087	sy	1		sannsynleg
Rauma	R 910031	26.08.91	Lågtunga	32V MQ 380010	sy	1		godtatt
Rauma	R 910032	14.09.91	Vetle Hånådalen	32V MQ 380090	s	1		sannsynleg
Rauma	R 910033	14.09.91	Mebotn	32V MQ 420100	s	1		sannsynleg
Rauma	R 910034	05.09.91	Lågtunga	32V MQ 380010	s	1		sannsynleg
Rauma	R 920007	31.03.92	Raudstøisetra	32V MQ 534105	s	1		sannsynleg

Vedlegg 1, jervemeldingar

Rauma	R	920009	15.01.92	Gjershaug	32V MQ	522120	s	1	sannsynleg
Rauma	R	920043	09.04.92	Tunga	32V MQ	460017	s	1	godtatt
Rauma	R	920044	09.04.92	Vakkerstølen	32V MQ	395056	s	1	godtatt
Rauma	R	920045	09.04.92	Midtbotn	32V MQ	440101	s	1	godtatt
Rauma	R	920046	17.04.92	Brude	32V MQ	545095	s	1	godtatt
Rauma	R	920047	09.04.92	Stokkhøgda	32V MQ	525155	s	1	godtatt
Rauma	R	920050	20.09.92	Grovaskardsbotn	32V MQ	430080	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	930014	04.04.93	Skorgedalen	32V MQ	305415	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	930027	09.04.93	Skardfjellet, Tunga	32V MP	425985	s	1	sannsynleg
Rauma	R	930028	26.04.93	Storvatnet	32V MP	470980	s	1	sannsynleg
Rauma	R	930033	21.07.93	Grovaskardsbakken	32V MQ	421072	s	1	godtatt
Rauma	R	930051	18.08.93	Hånådalschaugen	32V MQ	395095	s	1	godtatt
Rauma	R	930052	22.08.93	Kabbebotn	32V MQ	456035	s	1	godtatt
Rauma	R	930053	11.09.93	Lågmidthøa	32V MQ	445085	s	1	uoppklart
Rauma	R	930054	11.09.93	Istjørna	32V MQ	390100	s	1	uoppklart
Rauma	R	930055	11.09.93	Halsholet	32V MQ	365075	s	1	uoppklart
Rauma	R	930057	01.12.93	Ulvådalsvatnet	32V MQ	415025	s	1	godtatt
Rauma	R	940025	05.02.94	Fonndalen	32V MQ	520040	s, sy	1	sannsynleg
Rauma	R	940040	15.04.94	Ljøsådalen	32V MQ	334434	s	1	godtatt
Rauma	R	940075	30.04.94	Vengjedalen	32V MQ	397348	s	1	uoppklart
Rauma	R	940076	06.05.94	Vengjedalen	32V MQ	383301	s	1	uoppklart
Rauma	R	940087	20.09.94	Isterdalen	32V MQ	320315	sy	1	sannsynleg
Rauma	R	940088	03.10.94	Vetllia, Brøstdalen	32V MQ	475045	sy	1	sannsynleg
Neset	R	910048	01.04.91	Finnet	32V MQ	650210	s	1	godtatt
Neset	R	910049	07.09.91	Gravdalen	32V MQ	635175	s	1	sannsynleg
Neset	R	910050	08.09.91	Høveikampen	32V MQ	625185	s	1	godtatt
Neset	R	910051	26.08.91	Røyrhøa	32V MQ	625135	s	1	godtatt
Neset	R	910052	26.05.91	Breitela	32V MQ	615405	s	1	uoppklart
Neset	R	910053	20.05.91	Kjøttåbotn	32V MQ	625285	s	1	sannsynleg

Vedlegg 1, jervemeldingar

Neset	R	920015	11.05.92	Sundet, Litlevatnet	32V MQ	620248	sy	1	sannsynleg
Neset	R	930007	08.04.93	Jordalsskardet	32V MQ	606580	s	1	uoppklart
Neset	R	930008	14.04.93	Sandviksskardet	32V MQ	584572	s	1	uoppklart
Neset	R	930031	30.07.93	Nilsetjørna	32V MQ	662148	sy	1	sannsynleg
Neset	R	930034	05.09.93	Høvelkampen	32V MQ	615185	s	1	godtatt
Neset	R	930036	28.08.93	Fagerbotn	32V MQ	715155	sy	1	sannsynleg
Neset	R	930040	13.09.93	Storfåen	32V MQ	646163	s	1	godtatt
Neset	R	930048	09.10.93	Breidtela	32V MQ	611416	s	1	uoppklart
Neset	R	940028	14.02.94	Buggeskardet	32V MQ	565580	s	2	godtatt
Neset	R	940029	22.02.94	Kannalissetra	32V MQ	605515	s	2	godtatt
Neset	R	940031	17.02.94	Finnet	32V MQ	650215	s	2	sannsynleg
Neset	R	940036	03.04.94	Gogsøyra	32V MQ	565465	s	1	uoppklart
Neset	R	940082	02.07.94	Myrsetskardet	32V MQ	570607	sy	1	uoppklart
Neset	R	940083	07.07.94	Løypåvollen	32V MQ	665188	sy	1	uoppklart
Neset	R	940090	26.04.94	Vikebotn	32V MQ	645360	s, sy, g	1	godtatt
Neset	R	940091	09.07.94	Inste Lægeret	32V MQ	740211	s	1	godtatt
Neset	R	940093	09.10.94	Buggesetra	32V MQ	550575	s	1	uoppklart
Neset	R	940105	04.12.94	Kannalissetra	32V MQ	602509	s	2	godtatt
Neset	R	940109	02.12.94	Nausteaksla	32V MQ	535505	s	1	uoppklart
Sunddal	R	910035	26.05.91	Grytfjellet	32V MQ	684555	s, sy	1	godtatt
Sunddal	R	910036	27.09.91	Storkvålvet	32V MQ	955299	sy	1	godtatt
Sunddal	R	910047	15.06.91	Litlekaiken	32V MQ	788452	s, sy	1	sannsynleg
Sunddal	R	920019	20.07.92	Svarthaugen	32V MQ	078330	sy	1	sannsynleg
Sunddal	R	920023	23.07.92	Grødalen	32V MQ	933371	s	1	feilmelding
Sunddal	R	930015	29.05.93	Skrammelhø	32V MQ	760180	s	2	sannsynleg
Sunddal	R	930024	29.03.93	Meskardet	32V MQ	975505	s	1	sannsynleg
Sunddal	R	930030	31.07.93	Innerdalshytta	32V MQ	891545	s	1	godtatt
Sunddal	R	930035	28.08.93	N. Svarthammaren	32V MQ	875245	sy	1	godtatt
Sunddal	R	930041	06.08.93	Gråhø	32V MQ	695285	sy	2	feilmelding

Vedlegg 1, jervemeldingar

Sunnadal	R	930045	29.09.93	Klingråket	32V MQ	985445 s	1	1	uoppklart
Sunnadal	R	930046	04.10.93	Klingråket	32V MQ	995455 s	1	1	sannsynleg
Sunnadal	R	930047	03.11.93	Langvatnet	32V MQ	950527 s	1	1	godtatt
Sunnadal	R	930049	09.10.93	Slottet	32V MQ	627427 s, sy	1	1	sannsynleg
Sunnadal	R	930050	09.10.93	Slottet	32V MQ	624431 s	1	1	uoppklart
Sunnadal	R	930068	25.12.93	Nerdal	32V MQ	849570 s	1	1	sannsynleg
Sunnadal	R	940032	30.01.94	Nerdal	32V MQ	849570 s	1	1	sannsynleg
Sunnadal	R	940048	09.04.94	Sandvikdalen	32V MQ	794528 s	1	1	sannsynleg
Sunnadal	R	940061	12.05.94	Vollasetra	32V NQ	065390 sy	1	1	sannsynleg
Sunnadal	R	940065	23.04.94	Somrungnebba	32V MQ	950487 s	1	1	sannsynleg
Sunnadal	R	940069	20.04.94	Bjørnhjellan, Ottdalen	32V NQ	001476 s	2	2	godtatt
Sunnadal	R	940070	10.05.94	Bjørnhjellan, Ottdalen	32V NQ	006461 s	1	1	godtatt
Sunnadal	R	940072	03.05.94	Grønli, Grøvdalen	32V MQ	945214 s	1	1	godtatt
Sunnadal	R	940096	08.07.94	Reinsdalen	32V MQ	667375 s, g	1	1	godtatt
Surnadal	R	910028	11.01.91	Sollirabben	32V NQ	082655 s	1	1	godtatt
Surnadal	R	910037	03.03.91	Kvenndalen	32V MQ	880730 s	1	1	sannsynleg
Surnadal	R	910038	24.03.91	Husbysetra	32V MQ	920660 s	1	1	sannsynleg
Surnadal	R	910039	29.03.91	Fossåstoinn	32V NQ	113652 s	1	1	sannsynleg
Surnadal	R	910040	05.04.91	Romådalen	32V MQ	980660 s	1	1	godtatt
Surnadal	R	910041	02.02.91	Fagerlidalen	32V MQ	996705 s	1	1	godtatt
Surnadal	R	910042	16.03.91	Steintælfjellet	32V MQ	910680 s	1	1	godtatt
Surnadal	R	910043	19.11.91	Svartvatnet	32V NQ	065715 s	2	2	godtatt
Surnadal	R	920002	24.01.92	Markusøya	32V MQ	995786 s	1	1	godtatt
Surnadal	R	920003	27.02.92	Farskholet	32V NQ	090640 s	1	1	godtatt
Surnadal	R	920012	23.04.92	Sprikletjørnknobben	32V NQ	083643 s	2	2	godtatt
Surnadal	R	920013	03.05.92	Snothaugen	32V NQ	075695 sy	1	1	uoppklart
Surnadal	R	920038	25.10.92	Folldalsfalla	32V NQ	070625 s	1	1	sannsynleg
Surnadal	R	920040	26.03.92	Neådalsfalla	32V NQ	020585 s	1	1	godtatt
Surnadal	R	920041	01.04.92	Sollirabben	32V NQ	073652 s	2	2	godtatt

Vedlegg 1, jervemeldingar

Surnadal	R	920051	12.07.92	Eiterdalen	32V MQ	953735	s, g	1	sannsynleg
Surnadal	R	930003	03.03.93	Øvre Salsvatnet	32V NQ	033633	s	1	godtatt
Surnadal	R	930012	15.03.93	Honstadknykjen	32V MQ	910810	s	1	uoppklart
Surnadal	R	930013	01.04.93	Honstadknykjen	32V MQ	910810	s	1	uoppklart
Surnadal	R	930016	06.04.93	Grinaren	32V MQ	925585	s	1	uoppklart
Surnadal	R	930018	28.03.93	Storfjellet	32V MQ	930597	s	1	godtatt
Surnadal	R	930019	06.04.93	Neådalsfalla	32V NQ	020586	s	1	godtatt
Surnadal	R	930020	14.04.93	Slangelifjellet	32V MQ	965538	s	1	godtatt
Surnadal	R	930021	21.04.93	Neådalsfalla	32V NQ	023586	s	1	godtatt
Surnadal	R	930029	05.05.93	Røv	32V MQ	963843	s	1	1 feilmelding
Surnadal	R	930038	11.09.93	Langøydalen	32V MQ	975775	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	930039	12.09.93	Brukkelnebb	32V MQ	908765	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	930056	10.09.93	Tælafjellet	32V MQ	928690	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	940002	05.01.94	Løsetsetra	32V NQ	095646	s	2	godtatt
Surnadal	R	940003	02.01.94	Kårvatn	32V MQ	931613	s	1	godtatt
Surnadal	R	940004	09.01.94	Talgølia	32V MQ	905615	s	1	uoppklart
Surnadal	R	940005	29.01.94	Naustådalen	32V MQ	973646	s	1	godtatt
Surnadal	R	940006	31.01.94	Kårvatn	32V MQ	945617	s	1	godtatt
Surnadal	R	940007	07.02.94	Kvenndalen	32V MQ	894742	s	2	godtatt
Surnadal	R	940008	08.02.94	Vindødalen	32V MQ	997767	s	2	godtatt
Surnadal	R	940009	15.02.94	Gammelseterdalen	32V MQ	945605	s	1	godtatt
Surnadal	R	940010	02.03.94	Talgølia	32V MQ	885625	s	1	godtatt
Surnadal	R	940011	04.03.94	Talgølia	32V MQ	885625	s	1	godtatt
Surnadal	R	940012	13.03.94	Kårvatn	32V MQ	930627	s	1	godtatt
Surnadal	R	940013	12.02.94	Mausetsetra	32V MQ	942827	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	940014	18.02.94	Holtasetra	32V MQ	968825	s	1	godtatt
Surnadal	R	940015	20.02.94	Fjellenden, Kvenndalen	32V MQ	880729	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	940016	14.02.94	Kvernsetdalen	32V MQ	865659	s	1	godtatt
Surnadal	R	940017	14.02.94	Tverrdalen	32V MQ	980596	s, b, e	2	godtatt

Vedlegg 1, jervemeldingar

Surnadal	R	940018	19.02.94	Nonshaugen	32V NQ	075755	sy, e	1	godtatt
Surnadal	R	940019	20.03.94	Liagarden	32V NQ	125726	s	1	godtatt
Surnadal	R	940020	18.02.94	Ringbekken	32V NQ	102743	s	1	godtatt
Surnadal	R	940021	13.02.94	Glupen	32V NQ	130766	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	940023	20.02.94	Trollheimshytta	32V NQ	123670	s	1	godtatt
Surnadal	R	940033	10.04.94	Langurda	32V MQ	913873	s	1	uopplart
Surnadal	R	940035	07.04.94	Svinvikhamrane	32V MQ	813682	sy	1	sannsynleg
Surnadal	R	940038	07.04.94	Dalseggsetra	32V NQ	035945	s	1	uopplart
Surnadal	R	940042	25.03.94	Vindøldalen	32V NQ	005735	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	940045	02.04.94	Honstadknyken	32V MQ	900805	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	940049	13.04.94	Sande	32V NQ	045875	s	1	godtatt
Surnadal	R	940066	20.04.94	Snøfjellet	32V MQ	865605	s	1	sannsynleg
Surnadal	R	940067	20.04.94	Mellomfjell	32V NQ	153614	s	1	godtatt
Surnadal	R	940068	20.04.94	Romådalen	32V MQ	948668	s	1	godtatt
